

Oslo SV sitt valprogram 2019-2023

Til nynorsk ved Lars S. Vikør

Miljøhovudstaden Oslo	3
Nullutsleppsby innan 2030	3
Rein luft	4
Ein rein fjord for alle.....	4
Byen som resirkulerer	5
Den grønne byen	5
Grøn samferdsel	8
Bilfritt byliv og dei mjuke trafikantane.....	8
Kollektivtransport.....	9
Sykkel.....	10
Annan vegtrafikk og sjøtransport.....	11
God oppvekst, skole og utdanning for alle.....	13
Leik og læring i barnehagen	14
Framtidsskolen – ein inkluderande fellesskole	15
Vidaregåande opplæring.....	17
Største studentbyen i landet.....	19
Vaksenopplæring.....	19
Frå delt by til ny solidaritet	21
Omfordeling og eigedomsskatt	21
Oppvekst – kampen mot forskjellane	22
Førebygging og barnevern	22
Eit sosialt sikkerhetsnett	23
Ein trygg by for alle.....	24
Kunnskap og solidaritet på rusfeltet	24
Områdeløft	26
Fritidstilbod for born og unge	26
Rettferdig bustadpolitikk.....	28
God helse for alle	30

Primærhelsetenesta og det kommunale tenestetilbodet.....	30
Eit godt lokalsjukehusstilbod og nytt sjukehus på Aker	32
Tannhelse er folkehelse.....	32
Trygt og inkluderande arbeidsliv.....	34
Arbeid til alle ungdommar.....	36
Arbeid for alle.....	37
Ny næringspolitikk.....	38
Byutvikling	40
Idrett og friluftsliv.....	43
Idrett.....	43
Friluftsliv	45
Ein ambisiøs kulturby	47
Ein eldrevnleg by	49
Bustad og nærmiljø	49
Omsorg	50
Redusere ulikskapar	50
Deltaking.....	51
Ein feministisk by.....	52
Oslo som feministisk arbeidsgjevar.....	52
Kampen for kvinnekroppen.....	53
Fridom frå vald og tvang	53
Ein rasismefri by	55
Ein inkluderande by.....	56
Inkluderande arbeidsliv	56
Lik tilgang til offentlege tenester	57
Ein regnbogeby.....	58
Ein by i verda	60
Eit styrkt folkestyre	62

Miljøhovudstaden Oslo

Innan 2030 skal Oslo sine direkte utslepp av klimagassar vere kutta til eit minimum. Oslo-lufta skal vere rein. Naturmangfaldet i og rundt byen vår skal sikrast. Bidraget vårt til avfallsproblem skal vere sterkt redusert.

Klimarettferd betyr at land som Noreg må vere leiande i å bygge nullutsleppssamfunnet. Oslo skal vere i front, også internasjonalt. Oslo SV meiner dessutan at grønne løysingar kan bidra til ein trivelegare by med ein betre kvardag for folk.

Forbruket vårt av fossil energi trugar økosystem og mattryggleik. Menneskelege inngrep og forsøpling av naturen trugar mangfaldet av planter og dyr, og dermed sjølve livsgrunnlaget vårt.

Nullutsleppsby innan 2030

Oslo bør vere verdsleiande i å endre forbruk og kutte utslepp av klimagassar på ein måte som samtidig skaper ein trivelegare by å bu i. Dette inneber at trafikk, utbyggingar og aktivitetar må bli fossilfri og bruke minst mogleg av energi og naturressursar. Materiale må resirkulerast og gjenbrukast, og energi produserast, gjenbrukast og fordelast smart. Dette føreset også at kommunen går i front når det gjeld å prøve ut og ta i bruk ny teknologi.

SV vil:

- **At Oslo skal redusere klimagassutsleppa med 95 prosent innan 2030** jamført med 1990-nivået. Gjennomføre alle klimatiltaka til Oslo kommune for å nå målet om 36 prosents reduksjon innan 2020.
- **Vidareføre klimabudsjettet som styringsverktøy for å nå utsleppsmåla.** Det må omfatte både kommunane si eiga verksemd, staten og private.
- **Arbeide for å etablere karbonfangst og lagring på Klemetsrudanlegget.**
- **Etablere forsøksbydelar for energiutveksling og smart styring innanfor byområde og kvartal.** Energi må utvekslast mellom bygg og trafikk etter overskot i produksjonen og ulike behov over døgn og årstid.
- **At bygningsmassen til kommunen skal sikte mot plusshus-standard når dei blir rehabilitert, og alle byggeprosjekt skal vere tilpassa tanken om sirkulær økonomi.** Både energibruk og utslepp i bygging, materialbruk, installasjonar, drift gjennom vedlikehald og energibruk, og riving og avfall skal vere med i rekneskapen.
- **Stimulere til fornybar energiproduksjon lokalt** og stimulere til smart energistyring og energiutveksling mellom bygg og transportmiddel. Det framtidige energibehovet må sikrast gjennom energisparing og utbygging av fornybar energi. Solenergi på kommunale nybygg skal vere hovudregelen der det er mogleg.
- **Etablere ein ressursbank for materiale og gjenstandar.** Utvide gjenbruksstasjonane til å styrke gjenbruk og materialressursar, bl.a. ved meir digitalisering, sporing og synleggjering.
- **Pålegge bruk av landstrøm** for alle større skip i Oslo hamn og jobbe for fleire tiltak som avgrensar miljøbelastninga frå større skip.

- **At Oslo kommune som hovedregel stiller krav om energiklasse A for lokale kommunen leiger.** Slik bidreg ein til å spare energi i eiga verksemd og hevar samtidig standarden i utleigemarknaden.
- **Etablere fleire målepunkt for luftkvalitet,** særleg i område med mange tunnellopp, slik som i Kværnerdalen og ved Filipstad.

Rein luft

Ingen skal måtte døye eller bli alvorleg sjuk på grunn av luftreining i byen vår. Vi lærer stadig meir om dei dramatiske helsekonsekvensane av luftreining. Statistisk sett døy 185 menneske for tidleg på grunn av luftreining i Oslo, og mange fleire får helseplager. Luftreininga rår særleg personar med luftvegssjukdommar og hjarte- og karsjukdommar. Born, eldre og gravide er òg særleg sårbare.

SV vil:

- **Redusere NOx-utsleppa med minst 60 prosent innan 2022,** frå 2013-nivået, og halde nivåa av svevestøv godt under tilrådingane frå helsestyresmaktene.
- **Utvide, auke og gi ein meir sosial profil til støtteordninga for å erstatte gamle vedomnar** og forby fyring med vedomnar som ikkje er reintbrennande i dei delane av byen der dette er nødvendig. Gjennomføre informasjonskampanjar for rett fyring.
- **Innføre nullutsleppssone i sentrum** innanfor satsingsområdet for Bilfritt Byliv, og gradvis utvide sona til å omfatte større delar av Oslo sentrum. Innføre lågutsleppssone for tyngre køyretøy dersom luftkvaliteten er så dårleg at det trengst.
- **Redusere bruken av piggdekk** ved å gå i dialog med staten om auka piggdekksgelyr.
- **Gi informasjon til offentlegheita om luftreining i ulike delar av byen.**
- **Ta i bruk akutte tiltak** for å hindre farleg luft på enkeltdagar når det er nødvendig for liv og helse, men legg hovudtyngda på det langsiktige arbeidet for varig rein luft.
- **Styrke reinhaldet av gater** for å redusere talet på dagar med høg ureining av svevestøv.
- **Auke kunnskapsgrunnlaget.** Oslo kommune må hente inn meir kunnskap om kva for køyretøygrupper som bidreg til NOx-utslepp for å sikre at beredskapstakstar er eit mest mogleg treffsikkert verkemiddel.
- **Innføre gratis enkeltbillett på kollektivtransport** på dagar da det er innført dieselforbod eller beredskapstakstar.
- **Styrke kollektivtilbodet** på dagar da det er innført dieselforbod eller beredskapstakstar.

Ein rein fjord for alle

SV vil arbeide for ein rein og tilgjengeleg fjord, fri for søppel og ureining. Over 40 prosent av Noregs befolkning bur under 45 minutt kjøring frå Oslofjorden, som er Noregs mest brukte rekreasjonsområde. Fjorden blir brukt av inntil to millionar menneske i løpet av eit år.

Privatisering og nedbygging av strandsona i Oslofjorden pågår framleis i stor stil. Dette må stoppast i tråd med intensjonane i strandlova, og areala må gjerast meir tilgjengelege for folk flest. Tilsiget av plast til fjorden må stansast, og det må bli fortgang i oppryddingsarbeidet langs kystlina.

SV vil:

- **Utforme ein heilskapleg bevaringsplan for Oslofjorden** som involverer alle berørte kommunar og omfattar fjorden og alle brukarar. Han skal syte for oppretting av marine verneområde, restaurering og opprydding.
- **Stoppe tilsiget av plast** i tråd med FN's nullvisjon for marin forøpling. Sikre at alle små og store båthamner har gode oppdaterte avfallsplanar og -mottak. Hamnene i Oslo skal ha ein nullvisjon for ureining.
- **Gjere strandsona meir tilgjengeleg for folk flest** gjennom oppkjøp av strandeigedommar og fråskiljing av bygningar. Offentleg sjøtilgang må sikrast når nye område langs fjorden blir bygd ut.
- **Fullføre kyststi-arbeidet i Oslo** og syte for trygge gang- og sykkelstiar frå sentrum langs fjorden til badeplassar og turområde.
- **Innføre like reglar for bruk av vass-skuterar i heile Oslofjorden**, reglar som tilgodeser omsynet til sårbart fugleliv og fredelig friluftsliv. Målet er å gjeninnføre forbodssona på 400 meter frå land.
- **Styrke skjergardstenesta** i indre fjord gjennom auka løyvingar.
- **Fase ut unødvendige eingongsartiklar** av plast i kommunale verksemder.

Byen som resirkulerer

Avfall er ressursar på avveggar, og Oslo må arbeide for ein sirkulær økonomi gjennom å auke kjeldesorteringa og materialgjenvinninga i kommunen. Avfallsminimering må vere grunnsteinen i arbeidet for ein sirkulær økonomi.

Kvar dag endar to tonn avfall som forøpling i indre Oslo. Årleg kostar det kommunen mange millionar kroner å rydde opp i dette.

SV vil:

- **Redusere det materielle forbruket i Oslo**, og som del av det innføre tiltak for auka deling, auka repareringsgrad, forbruksminimerande offentlig innkjøp og fleire bruktmærknader.
- **Auke kjeldesorterings- og materialgjenvinningsgraden** av hushalds- og næringsavfallet i Oslo kommune.
- **Ha eit Oslo utan forøpling**. Kommunen må kartlegge forøplinga for å kunne sette i verk effektive tiltak mot dei ulike kjeldene. Kommunen må pålegge bøter for forøpling.
- **At kommunen stoppar ureininga** av gummigranulat frå kunstgrasbanar og prøver ut nye miljøvennlege alternativ.

Den grønne byen

Naturmangfaldet er sjølv grunnlaget for livet på jorda, men det blir alvorleg truga, særleg på grunn av nedbygging av areal. Oslo kommune har eit rikt naturmangfald og dermed også eit ansvar for å motverke tapet av artar.

Oslo ligg flott til ved fjorden, med Marka i bakkant og eit grønt preg med mange parkar og elvar. SV vil ta vare på desse naturverdiane og kjempe mot privatisering og nedbygging av Oslo-naturen.

Natur nær der folk bur, fører til aktivitet, idrett og trivsel i kvardagen. Tilgangen til naturen må bevarast ved at dei grøne årene som bind byen saman blir tydelegare, og at transporten til og frå må vere enkel, rimeleg og i størst mogleg grad basert på sykkel, gåing og kollektivtransport. Natur i by er også urbant landbruk som gir kunnskap om matproduksjon og eit godt sosialt miljø.

SV vil:

- **Styrke naturmangfaldet i byen og bidra til å motverke tap av artar.** Ta vare på leveområda til artane. Syte for meir mangfaldig planteliv i parkar og vegrabattar, på grøne tak og i parsellar. Unngå bruk av planter på svartelista. Slik sikrar vi eit betre livsgrunnlag for fleire artar av fuglar, bier, sommarfuglar og andre dyr.
- **Styrke kompetansen i Oslo kommune** kring korleis vi tar vare på naturmangfald og betrar kartlegginga av naturen i kommunen.
- **Sikre Markagrensa.** Utvikle skjøtelsesplanar som favoriserer utvikling av eventyrskog og variert natur på kostnad av einsformig industrigranskog, spesielt i hundremetersbeltet. Slik styrker vi Markagrensa mot nedbygging.
- **Ta vare på naturmangfaldet i naturreservatet Østensjøområdet miljøpark** tilknytt Østensjøvannet, og gå imot utbygging i randsona som kan truge dette mangfaldet. Jobbe for å etablere eit nytt Besøksenter våtmark Oslo – Østensjøvannet i samarbeid med Østensjøvannets venner.
- **La barnehagane etablere eigen lavvo og leirplass, gjere nærsbogen til klasserom,** gi eit løft til fleire og meir spenstige naturstiar i hundremetersbeltet innanfor Markagrensa.
- **La tre stå i urbane område.** Tre i nærmiljøet er helsebot for alle. Vi må innføre strengare vern for store tre og treklynger både i sentrum og i bustadområde og ha søknadsplikt for felling av verdifulle tre.
- **Arbeide for at grøne område og elvedalar får eit sterkare vern** og blir tydeleggjort og styrkt. Det er viktig at parkar, friområde, løkker, idrettsarenaer og småskogar blir bundne saman med turvegane og breiare grøntbelte som igjen blir knytt til Marka og sjøen.
- **Ta betre vare på elveløpa i Oslo.** Det må ikkje oppførast nye bustadbygg eller gjerast andre store inngrep innanfor 20 meter frå vasskanten. Dette vernet skal styrkast enda meir der det er mogleg. Fleire lukka elveløp må opnast og gjerast tilgjengelege som felles rekreasjonsområde.
- **Slå ring om dei viktige turvegane frå sentrum og ut i Marka, "Oslos grønne fingrar",** som er under konstant press frå potensielle utbyggjarar.
- **Etablere nasjonalpark i Østmarka.** Med unntak av kystnasjonalparkar finst det ingen nasjonalparkar under tregrensa i heile Sør-Noreg. Dei indre delane av Østmarka er siste moglegheit. Her finn vi dei største inngrepsfrie områda vi har igjen med naturkvalitetar på nasjonalparknivå.
- **Sikre dei attverande eventyrskogane i Marka** mot hogst.
- **Legge til rette for urbant landbruk over heile byen.** Det må arbeidast aktivt for å bevare og vidareutvikle eksisterande areal for urbant landbruk, og det må opprettast nye areal og gjevast auka støtte til organisasjonar og grupper som jobbar for utvikling av og informasjon om urbant landbruk.
- **At alle skal forstå verdien av mat og matproduksjon.** Urbant jordbruk kan auke medvitet om forholdet mellom menneske og natur og forståinga av menneskeleg påverknad på naturen.

- **Syke for at alle kommunale anlegg bruker torvfri jord**, og slutte å blande inn torv i kompostjorda som kommunen lagar.
- **At takflater blir tatt i bruk** til opphald, insektvennleg vegetasjonsdekke, dyrking og handtering av regnvatn.

Grøn samferdsel

SV vil at transporten i Oslo skal bidra til ein triveleg, miljøvennleg og velfungerande by. Da må vi organisere byen slik at vi reiser meir saman, meir kortreist og utan bruk av fossil energi. Innan 2030 skal Oslo vere ein fossilfri by, og samferdselspolitikken skal motverke tapet av naturmangfald.

Det skal vere lett å bu og ferdast i byen utan å måtte eige ein bil sjølv. Det skal vere enkelt å velje kollektiv, sykkel og gåing i daglege gjeremål. Da trengst det store løft i kollektivtransporten, som syter for hyppigare avgangar og betre samankopling av Osloregionen. Dei store kollektivprosjekta er òg eit nasjonalt ansvar.

I byen må vi dele på plassen. SV vil ha meir rom for godt, bilfritt byliv. Sykkel og gåing gir både miljøgevinst og store folkehelsegevinstar. Vi vil sette dei mjukaste trafikantane først. Alle skal kunne bruke lokalmiljøet og ferdast trygt der.

Gårsdagens transportløyningar er arealkrevjande og bidreg til klimagassutslepp og farleg luftureining. Born og sjuke må tidvis halde seg innandørs på grunn av andres bilbruk. Færre enn før reiser med bil, men samtidig er kapasiteten sprengt på mange bussar og banar. Fotgjengarar og syklistar har framleis for dårlege forhold når det gjeld brøyting og anna tilrettelegging.

Transportsystema våre står overfor store endringar. Elektrifiseringa av bilparken skyt fart. Førarlaus transport og annan ny teknologi kan dramatisk endre premissane for samferdsel. Utvidingar av motorvegar som til dømes nye E18 vil sjå stadig meir meningslause ut.

Bilfritt byliv og dei mjuke trafikantane

Bilfritt byliv gjer at mykje plass blir frigjort til alle andre ting folk ønskjer å ha i byen, frå leikeplassar og benker til sykkelvegar og bustader. Dessutan gjer bilfritt byliv at mjuke trafikantar kan ferdast tryggare.

Eit meir bilfritt sentrum gir òg betre sikkerheit. Gode estetiske løysingar for gategolv og utemøblar gjer det hyggelegare å vere i sentrum, men kan òg fungere som køyretøysperrer mot tilsikta skadar på folkemengder.

I dag tar bilkøyinga og bilparkeringa opp stor plass i byen, og ei satsing på bilbasert byutvikling vil skape meir utslepp, kork og kaos.

SV vil:

- **Satse på bilfritt byliv i heile byen.** Kommunen må halde fram arbeidet med bilfritt byliv i sentrum, og dessutan legge til rette for fleire bilfrie område i heile byen.
- **Omprioritere plass frå biltrafikk til kollektivtransport, sykling og gåing,** blant anna gjennom fleire gågater, sykkeltrasear og kollektivgater.

- **Frigjere areal i byen ved å gjere han mindre bilbasert gjennom betaling for parkering og færre parkeringsplassar.** Prioritere parkeringa til innbyggerane gjennom bebuarparkering og handikapp-parkering for funksjonshemma.
- **Sikre trygge skoleveggar** gjennom gode fortau, lågare fart og etablering av såkalla «hjartesoner», som er bilfrie område rundt barneskolar.
- **Gjennomføre ein gåstrategi for Oslo**, blant anna gjennom å sikre tradisjonelle tur- og gangveggar og legge til rette for gåing ved utbyggingar, prioritere moking og strøing og etablere overbygde fortau. Personar med funksjonsnedsettingar må sikrast gode framkomstforhold og deltaking på lik line med andre.
- **Få på plass fleire sittebenker i byen.** Det skal vere kvileplassar i sentrum, i knutepunkt og til haldeplassar for kollektivtransport. Slik legg ein til rette for sosialt liv i gatebildet og for at eldre og andre som er dårlege til beins kan bruke kollektivtransport.
- **At gåande og syklende skal prioriterast når byen blir planlagt.** Det skal vere eit finmaska, tilgjengeleg og universelt utforma gang- og sykkelnett i byen heile året. Det skal leggest til rette for direkte gangsamband/snarveggar og praktiske kryssingspunkt til/ved alle haldeplassar. Når byen blir fortetta rundt trafikknutepunkt som Storo, Carl Berner og Smestadkrysset, skal separate sykkelveggar prioriterast.
- **Utvikle områda som tidlegare har vore reservert for bilen.** Kunst, plantefelt, parkanlegg, vass-speglar, små konsertarenaer skal anleggast der det tidlegare har vore biltrafikk og parkering.

Kollektivtransport

Det skal vere lett å velje kollektivt for alle. Folk skal ha eit variert og universelt utforma kollektivtilbod med godt tilgjenge til haldeplassar. Alle nye bybussar bør vere batteri-, biogass- eller hydrogendrivne frå 2025, og fase ut det fossile drivstoffet frå 2020.

I dag er kapasiteten sprengt på kollektivtilbodet fleire stader i byen, og tilbodet må utvidast for at byen skal kunne gi innbyggerane eit godt nok tilbod i ei tid med folketalsvekst, samtidig som ein når dei ambisiøse klimamåla til byen.

SV vil:

- **At folk over heile Oslo skal ha høve til å komme seg til jobb, barnehage og skole utan å vere avhengige av privatbil.** Kollektivtilbodet i rushtida morgon og kveld på kvardagar skal styrkast slik at trikk og T-bane har så hyppige avgangar som råd. Bussliner i indre by, og på dei viktigaste strekningane i ytre by, skal i rushtida ha avgangar minst kvart femte minutt, mens liner i ytre by som hovudregel skal ha avgangar minst kvart 10. minutt.
- **Satse på baneløysingar for framtida.** Få fortgang i arbeidet med å bygge den nye T-banetunnelen gjennom sentrum, og jobbe for ein ny jarnbanetunnel. Ny T-banetunnel vil knyte Bislett og Grünerløkka til dagens T-banenett og doble kapasiteten i T-banesystemet.
- **Auke kapasiteten på T-banen for å sikre punktlegheit og fleire avgangar.** Så fort som råd fullføre eit nytt signal- og sikringsanlegg på T-banenettet. Nytt signalanlegg kan auke kapasiteten i dagens T-banetunnel gjennom Oslo sentrum med 25 prosent, frå 32 til 40 tog i timen.
- **Utvide banenettet til nye område.** Bygge Forneubanen med kopling til Majorstua og Blindern stasjon, og begynne bygging av baneløysing for Nedre Romerike (Ahus-bane).

- **Satse på trikk når kapasiteten til bussen er sprengt.** Bygge trikk langs Ring 2, og liner til Hovinbyen, Tonsenhagen og Linderud/Veitvet. Busline 31 er Noregs utan sidestykke mest trafikkerte og pressa til brestepunktet. Derfor trengst det trikk.
- **Jobbe for nye tverrgående baneløysingar** over Groruddalen og Søndre Nordstrand, og for betre buss-samband.
- **Unngå prisauke på kollektivtransporten.**
- **At born skal få reise gratis saman med vaksne alle dagar** (heile døgnet).
- **Innføre ungdomskort på 300 kr.**
- **Jobbe for å utvide sone 1 til Kolbotn** slik ein har gjort til Lysaker på vestkanten. Dette for å skape ei smidig kollektiv løysing for reisande etter at bomringen er innført.
- **Utvide nattilbodet med buss.** Dagens nattilbod skal haldast ved lag og utvidast til fleire hovudbussruter ut av og på tvers av byen og til fleire dagar.
- **Ha betre ferjesamband** i indre Oslofjord som ein del av Ruter sitt tilbod. Alle ferjer skal vere elektrifisert innan 2024.
- **At Oslo skal følgje med på utviklinga av førarlaus transport, både som kollektivtransport og bestillingstransport,** og ta dette i bruk eller sette i gang forsøksordningar når det er mogleg og formålstenleg.
- **At ein ikkje skal trenge å ha eigen bil for å bu og ferdast i Oslo.** Kollektivtransporten skal saumlaust kunne kombinerast med sykkel, gåing og bildelingsløysingar. Kommunen må stille parkeringsplassar til rådvelde for bildelingsbilar og stille krav om plassar til bildeling i nybygg.
- **Jobbe for ei klimanøytral drosjenæring.** Ladeinfrastruktur til drosjar må byggast ut.
- **Auke talet på fritidsreiser for brukarar av TT-tenester.**
- **Behalde Sporveien som heileigd kommunalt selskap som eig og driftar tilboda sine sjølv,** og jobbe aktivt for at selskapet skal frakte flest mogleg fornøgde passasjerar dit dei vil.
- **Jobbe for at anbudsutsetting av kollektivtransport i Ruter blir avvikla** etter kvart som anbudskontraktane går ut.
- **Arbeide for auka kapasitet på lokaltoga til Ski,** og hyppigare avgangar når Follobanen står ferdig.
- **At Oslo kommune legg ein ambisiøs plan for at T-banenettet skal vere universelt utforma.** Alle trikkar og bussar skal vere tilgjengelege for personar i rullestol og for personar som har store barnevogner.
- **Utvide ordningane med bestillingstransport for eldre og rørslehemma** til alle bydelar etter modell frå Rosa bussar i Nordre Aker.

Sykkel

Sykling i Oslo skal vere tilgjengeleg, trygt og naturleg. Det er miljøvennleg og helsefremmande. Sjølv om stadig fleire sykklar, er det framleis for dårleg tilrettelagt mange stader, og mange vel derfor bort sykkelen.

SV vil:

- **Gjennomføre Oslo kommune sin plan for sykkelvegnettet for 2025,** med 280 m sykkelveg og 25 prosent sykkeldel for kvardagsreiser i sommarhalvåret.
- **Utvide sykkelnettet vidare,** særleg ved å bruke areal som i dag blir brukt til gateparkering.
- **Oppgradere sykkelvegane** for å gjere dei tryggare og meir effektive, med meir fysisk åtskiljing.

- **Prioritere nødvendige ressursar** til regulering, planlegging og grunnerverv for å kunne halde tempoet i sykkelvegbygginga oppe.
- **Lage trygg og effektiv sykkeltilrettelegging i sentrum** på tvers av byen frå Bjørvika via Kvadraturen til Tjuvholmen, og forlengje sykkelvegen i Torggata fram til denne tverrgående traseen.
- **Utvide bysykkelordninga til fleire delar av byen**, og jobbe for ei stativuavhengig ordning. Bysykkelordninga bør inkluderast i månadskortet på kollektivtransporten.
- **At kommunen skal jobbe for ein god sykkelkultur** og legge til rette for at born lærer trafikkreglar for sykkel på skolen. Arbeidet med å sette opp eigne skilt, lysregulering og markering i kryss for syklistar må vidareførast og trappast opp.
- **Legge betre til rette for el-syklar**, blant anna for fleire trygge parkeringsløyningar og lading. Vurdere moglegheiter for å etablere ordningar for utleige av elsyklar.
- **Ha sikker sykkelparkering på arbeidsplassar, handlestader og studiestader.** Kommunen skal sette av areal til sikker sykkelparkering, bruke parkeringsnormene til å stille krav til sykkeltilrettelegging i nybygg, og ha aktiv dialog med andre aktørar om sykkelparkering.
- **Syte for at det er enkelt å sykle heile året.** Kommunen skal legge til rette ved å brøyte og koste prioriterte delar av sykkelvegnettet. Det skal vere enkelt å kombinere sykkel og kollektivtransport heile året: Sykkelhotell med sykkelvaskeri ved T-banestasjonar og knutepunkt skal gjere det enklare å kombinere sykkel og kollektivtransport.

Annan vegtrafikk og sjøtransport

Organisering og forflytting av folk, varer, utstyr og avfall skal bidra til at Oslo blir ein attraktiv by med låge klimagassutslepp, effektive løyningar og god livskvalitet for innbygarane. Berre nullutslepp er godt nok for miljøbyen Oslo. Innan 2025 bør alle nye personbilar og drosjar som blir selt i Oslo, vere nullutsleppsbilar. All næringstransport i Oslo skal vere utsleppsfri innan 2030.

SV vil:

- **Bruke bompengar og etter kvart meir moderne vegprising for å avgrense biltrafikken, kutte utslepp og sikre trafikkflyt.** Ordninga skal skilje mellom køyretøytypar og tidspunkt, slik at det blir stadig meir attraktivt å velje kollektivt og miljøvennleg.
- **Ikkje gi plass til meir biltrafikk.** Derfor må Oslo kommune jobbe mot alle veg- og tunnelprosjekt som aukar den fysiske vegkapasiteten, som til dømes E18 Vestkorridoren og motorvegen nedanfor Tveita.
- **Lokk- og tunnelprosjekt på belasta strekningar må byggast med mål om auka kollektivbruk,** ved bruk av kollektivfelt eller baneutbygging, og redusert biltrafikk. Det vil gi varig redusert luftureining og auke i grøntareal. Løyningane som blir valt, skal ikkje gi dårlegare lokalmiljø andre stader.
- **Redusere Riksveg 4 Trondheimsveien, E18 Mosseveien og Østre Aker vei til lokalveg.**
- **Bygge lokk over E6 på Furuset.**
- **At når prosjektet E6 Oslo Øst blir planlagt, må det skje ut frå byens mål om redusert biltrafikk, og prosjektet må ikkje auke den fysiske vegkapasiteten.** Planane som til no er lagt fram, gir auka fysisk vegkapasitet og er for kostbare.
- **At plager frå motorvegar skal reduserast.** Det skal inngåast samarbeid med Statens vegvesen for å få gjennomført tiltak langs motorvegar og større fylkesvegar for å få ned støypager og lokale utslepp, og for å bygge ned barrierane desse vegane skaper i lokalmiljøet.
- **At 30 km/t skal vere hovudregel for fartsgrense i indre by og i alle bustadgater.**

- **Gjere trafikken uavhengig av fossilt drivstoff.** Etablere fleire ladestasjonar for elbilar og fyllestasjonar for berekraftig biodrivstoff og hydrogen på offentlege stader og energistasjonar. Støtte etablering av lading i burettslag og sameige. Stille krav i reguleringsplanar om at nybygg og bygg under renovering skal vere ladeklare bygg.
- **Førebu byen på førarlaus transport.** Stille krav som sikrar at førarlaus transport bidreg til felles og miljøvennlege løysingar, ikkje auka bilbruk.
- **Jobbe for fleire lade plassar for elbilar** på knutepunkt og i bustadområde i ytre by.
- **Etablere fleire eigne p-plassar for elbilar som blir brukt til næringstransport.**
- **At Oslo skal legge til rette for areal til små og store terminalar for gods.** Mindre leveransar skal kunne gjerast med lastesykkel.
- **Stille krav til nullutslepp** til dømes ved bruk av varebilar i leveransar av varer og tenester til kommunen.
- **Kutte utslepp frå sjøtransporten.** Jobbe for at drifta av Oslo hamn blir utsleppsfri ved å gjennomføre kommunen sin handlingsplan for nullutsleppshamn og elektrifisere passasjerferjene.

God oppvekst, skole og utdanning for alle

Oslo skal vere ein god by å vekse opp i for alle. Born og unge skal, uavhengig av bakgrunn, få like gode sjansar til å skaffe seg kunnskap og utvikle talenta, haldningane og verdiane sine. Barnehage, skole og lokale fritidstilbod skal bidra til å jamne ut forskjellar og motverke segregering, klasseskilje og avgrensande kjønnsroller. Ein inkluderande og mangfaldig fellesskole skal fremme læring gjennom deltaking. Gjennom undervisning og leik skal borna lære å meistre ulike fagfelt, trene på samarbeid, kritisk tenking og å vere kreative. Oslo SV ønskjer å framheve barnehage og skole som viktige fellesskapsarenaer både for kvar enkelt elev og for nærmiljøet. Vi vil legge til rette for at barnehagar og skolar skal opplevast som positive bidragsytarar til nærmiljøa i byen. Nærskolen skal opplevast som det naturlege valet for alle borna og foreldra i nærmiljøet.

Det viktigaste vi kan gjere for å få til dette, er å halde fram med å styrke grunnfinansieringa av skolen og gjere bydelsøkonomien betre, slik at bydelane kan tilby innbyggerane betre tenester. Born og unge må sikrast ein kvardag der alle blir sett av trygge vaksne. Vi må òg vidareutvikle og kvalitetssikre tenestene våre i samarbeid med borna og dei unge sjølv, saman med medarbeidarar, tillitsvalde, føresette og leiarar. Det er på tide å gjere *tidsalderen for dei overfylte klasseromma* til historie. Når vi aukar bemanninga i barnehagen og talet på vaksne i skolen, vil pedagogar og fagarbeidarar få høve til å gjere ein enda betre jobb, og vi legg til rette for at alle born og elevar blir sett og følgt opp i si eiga utvikling. At alle dei som jobbar i skole og barnehage har nok tid, er ein føresetnad for at alle born og unge skal lære, utfalde seg og finne plassen sin i fellesskapet.

Å møte menneske med ulik bakgrunn, livsrøynsler, funksjonsevne, tru, språk og kultur kan gi born og unge fleire perspektiv som dei tener på både i barndommen og seinare i livet. Det rike og verdifulle mangfaldet i Oslos barnehagar og skolar gir eit godt utgangspunkt for å fremme demokratisk utvikling. Mangfaldet skal sjåast på som ein positiv ressurs og takast aktivt i bruk i det daglege arbeidet. Det vil gjere barnehagar og skolar til enda betre utviklings- og læringsarenaer for alle born og unge.

Eit tettare samarbeid mellom barnehage, skole og andre tenester, som barnevernet, skolehelsetenesta og NAV er viktig for at alle born i Oslo skal ha trygge leike- og læringsmiljø og god helse. SV ønskjer å styrke arbeidet for å motarbeide og avdekke vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep.

SV vil:

- Reelt **styrke driftstilskotet til barne- og ungdomsorganisasjonar** i Oslo.
- Leiarar og tilsette i utdanningsinstitusjonane i Oslo skal sikrast **nødvendig kompetanse om førebygging, motarbeiding og avdekking av vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep**, og foreldre skal få informasjon.
- Samarbeide med partane og lærarorganisasjonane om å **utvikle eit undervisningsopplegg med arbeidslivet i Oslo** og Oslo-modellen som tema.

Leik og læring i barnehagen

Ein god barndom legg grunnlaget for eit godt liv, og barnehagen er viktig for trivselen, utviklinga og læringa til borna gjennom heile livet. SV vil ha ein barnehage som bidreg til språkleg og sosial utvikling, og som motiverer til leik, læring, nyfikne, engasjement og kreativitet. Born uttrykker seg gjennom leik og har rett til å leike. I barnehagen skal leiken komme først. SV vil at alle born skal få gå i gode barnehagar. Det inneber å satse på varierte leikemiljø som fremmar sosiale relasjonar og vennskap parallelt med å stimulere den fysiske og mentale utviklinga. Barnehagen skal gi borna helse, mat- og måltidsglede. Maten skal vere noko personalet og borna saman lagar til, der alle er med og borna lærer. Når ein bygger barnehagar, må ein legge vekt på dette.

Barnehageborn skal møte trygge og kloke medarbeidarar med høg kompetanse og tid til å skape gode relasjonar med kvart enkelt barn. Gode tilsette er ein føresetnad for å utvikle barnehagen vidare. Derfor vil SV prioritere at det er mange nok vaksne med rett kompetanse i Oslo-barnehagane, og at dei får gode sjansar til etter- og vidareutdanning. Vi har opplevd ein stor auke i talet på eittåringar i barnehagen. For denne gruppa born er det særleg viktig med trygg tilknytning, ro, omsorg og nærleik til vaksne.

SV vil:

- **At læring i barnehagen skal skje gjennom leik og omsorg.** Barnehagane skal ha eit stort profesjonelt handlingsrom når det gjeld faglege og etiske metodar.
- **Gå mot profitt på barnehagedrift.** Barnehagedrift er ei fellesskapsoppgåve, og fellesskapet sine pengar skal komme borna til gode.
- **Styrke bydelsbudsjetta for å sikre drift av barnehagane.**
- **Rekruttere og vidareutdanne fleire med pedagogisk kompetanse.** Det skal vere minst 50 prosent barnehagelærarar og 25 prosent barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagane.
- **Vidareføre dagens språkkrav for barnehagetilsette.** Styrke kurstilbodet for tilsette som ikkje oppfyller språkkravet til barnehagetilsette.
- **Målretta styrking av bemanninga i barnehagar i utsette område.**
- **Styrke barnehagens støttesystem** slik at born og familiar som treng ekstra innsats får hjelp der borna er. Tilbod som helsekontrollar o.l. bør i større grad skje i barnehagen, der borna er i det naturlege miljøet sitt.
- **Satse på språkutvikling i barnehagen.** Arbeide for at Oslo oppfyller si lovbestemte plikt til å legge til rette for at samiske born i barnehagar lærer samisk språk og kultur.
- **At alle born som treng alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få det.**
- Styrke kompetansen i barnehagane på **inkludering, mangfald og funksjonsvariasjonar.**
- **Syte for universell utforming av barnehagar.**
- **Systematisere og styrke etter- og vidareutdanninga av tilsette** i barnehagen i samarbeid med partane i arbeidslivet.
- **Stille tilsvarende krav til lønns- og arbeidsvilkår til private barnehagar som til dei kommunale.**
- **Gi alle 3–5-åringar i Groruddalen, Søndre Nordstrand, Tøyen, Gamlebyen og Hovseterområdet gratis halvdagsplass i barnehage** i løpet av fireårsperioden. På lang sikt vil SV ha gratis barnehage for alle born.

- **Sikre alle born i barnehagen eit godt og næringsrikt måltid dagleg.** Gjeninnføre kjøkkenassistentane i dei kommunale barnehagane.
- **At det som hovudregel skal takast inn vikarar ved frávær frå første dag** i alle barnehagar.
- **Ha fast tilsette vikarar i bydelane (vikarpoolar).**
- **Lage ein barnehagebehovsplan** som dekker lokale behov, og som sikrar langsiktig og heilskapleg planlegging av nye barnehagar.

Framtidsskolen – ein inkluderande fellesskole

SV har store ambisjonar for Oslo-skolen. Kvar einaste elev skal bli sett og få tilpassa opplæring i ein fellesskole der ulike menneske møtest i same klasserom. SV vil skape ein meir praktisk og variert skolekvardag for elevane, der djupnelæring, sjølvstende og tryggleik blir løfta fram så alle lærer meir og betre og fleire kan gjennomføre og bestå i vidaregåande opplæring.

Vi vil legge til rette for eit breitt kunnskapssyn og prioritere praktiske og estetiske fag, og praktiske og estetiske arbeidsformer i teorifaga. Vi vil òg satse på vidare- og etterutdanning av lærarar i dei praktiske og estetiske faga. SV vil ha ein skole med mindre målstyring, testing og standardisering. Skolepolitikken skal baserast på tillit til lærarane, og legge til rette for meistringsopplevingar hos elevane. Vi skal ha mindre stress og press. Vi vil ha større rom for individuelt tilpassa læring.

Oslo-skolen skal vere ein tverrfagleg skole som bygger lag rundt eleven. Skolen skal ha kompetanse til å møte dei ulike behova elevane har for oppfølging, også knytt til helse og sosial fungering. For å få dette til må Oslo-skolen i langt større grad enn i dag tilsette personell med helse- og sosialfagleg profesjonsutdanning.

Skolen må bygge på tillit til rektorane som leiarar og lærarane som fagpersonar. Lærarar skal få bruke tida si på å sjå kvar enkelt elev, ikkje på å fylle ut skjema. Derfor må tillitsreforma i Oslo-skolen først vidare, slik at skolane får større fridom til sjølv å vurdere kva for metodar og kartleggingar som skal brukast.

Tidleg innsats er viktig både når det gjeld å fange opp elevar som treng ekstra oppfølging, og for å halde på interessa og skolemotivasjonen hos dei som presterer høgt. Tidleg innsats kan auke framtidig gjennomføring i vidaregåande opplæring. Men satsing på dei yngste elevane må ikkje gå på kostnad av elevane på høgare skolesteg. Skolen varslar om lågare motivasjon dess lenger i skoleløpet vi kjem. Særleg er motivasjonen dårleg på tiande steg. SV meiner at ungdomssteget må styrkast.

Skolen er ein viktig arena for å motarbeide ulikskap og gi kvar enkelt like moglegheiter. Skolen kan bidra til at det ikkje er utdanningsbakgrunnen eller levekåra til foreldra som avgjer kor mykje borna lærer, eller kva slags moglegheiter dei skal få seinare i livet. Skolen skal vere ein arena der alle elevar opplever å vere deltakarar i fellesskapet. Vi kan alle oppleve at vi skil oss ut og kjenner oss annleis. Derfor er vi avhengige av at ulikskapar blir verdsett. Det startar med dei vaksne i skolemiljøet. Fleire av SV sine viktige skolepolitiske tiltak er bra for alle elevar, men aller viktigast for dei som treng dei mest. Fleire lærarar pr. elev, leksehjelp på skolen saman med lærar, skolemat, og gratis AKS med kultur- og idrettstilbod er gode døme på ein skole som jamnar ut forskjellar. For å styrke kvaliteten i

AKS må samarbeidet mellom AKS og Oslo kulturskole, og med frivillige og idrettslag, styrkast og utvidast til fleire skolar. For å få til dette bør vi ta utgangspunkt i dei kompetansemiljøa som finst, og utvide dei til nye skolar.

Nye skolar må byggast med tanke på dei skal fungere som lokale kulturarenaer utanom skoletid. Skolane må vere tilgjengelege gratis eller med svært rimeleg leige slik at lokale frivillige og organisasjonar kan bruke dei.

SV vil:

- **Ha «tidleg og varig innsats» i skolen der elevane er sikra god oppfølging gjennom heile utdanningsløpet.** Slik gjer vi den gode Oslo-skolen enda betre, og slik aukar vi innsatsen mot fråfall i vidaregåande opplæring.
- **Gjennomføre forsøk med utvida skoledag utan heimelekser i grunnskolen.**
- **Utvide og vidareutvikle dagens leksehjelpordning** med eit mål om at elevane skal ha høve til å gjere seg ferdige med leksene på skolen.
- **At alle skolebygningar og tilhøyrande uteareal skal vere universelt utforma.**
- **Sikre at sommarskolen er tilgjengeleg og tilpassa alle,** inkludert born med funksjonsnedsetting.
- **Gjeninnføre skolefruktordninga og gjennomføre forsøk med skolefrukost og skolelunsj** på skolar fleire stader i byen.
- **Styrke opplæringstilbodet til samiske elevar.** Auke kunnskapen om samisk språk og kultur blant tilsette og legge aktivt til rette for at lærarar får opplæring i samiske språk.
- **Styrke teiknspråkopplæring for elevar som treng det, og tilby born og unge som ønskjer det, morsmålsopplæring** så langt det er praktisk gjennomførbart. Styrke det pågåande arbeidet med å kartlegge elevane som har lovfesta rett til særskild norskopplæring. Styrke rutineane slik at alle i denne elevgruppa som har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring, får det undervisningstilbodet dei har krav på.
- **Gjennomgå ressursfordelingsmodellen for grunnskolen.** Fjerne stykkprisfinansieringa som fører til underfinansierte klasser, og innføre tildeling basert på grupper/klasser.
- **Endre ordninga med fritt skoleval i grunnskolen.** Søknad om skolebyte skal grunngjevast med behov hos eleven.
- **Ha fleire og kvalifiserte lærarar;** sikre at den vedtatte lærarnorma blir gjennomført på skolenivå (med maksimalt 15 elevar pr. lærar på første til fjerde steg, og maks 20 på femte til tiande steg).
- **Ha gratis aktivitetsskole (AKS) for alle.** Ordninga med gratis kjernetid i AKS er ein suksess. Der AKS er gratis, deltar nesten alle, og dette er avgjerande for språkutviklinga og læringa til borna. Reforma må fullførast, slik at alle 1.–4.klassingar i Oslo får vere med, uavhengig av bydel. Vidare må kvaliteten sikrast og utviklast vidare, i samarbeid med Oslo kulturskole, idretten og dei frivillige.
- **Sikre alle born i AKS eit godt og næringsrikt måltid,** blant anna ved å føre inn ein mat- og måltidspolitik for AKS.
- **Betre finansieringa av AKS slik at det kan førast inn eit gratisprinsipp** for å sikre at alle aktivitetar som blir tilbodne, er kostnadsfrie for elevar/foreldre.
- **Tilby trygg-i-vatn-kurs for born på AKS.**
- **At alle grunnskolar i Oslo enten skal ha eige skolebibliotek eller vere tilknytt eit kombinasjonsbibliotek.** Skolebiblioteket skal ha tilsett bibliotekar og eit mediebudsjett.

- **Auke prosentdelen som vel fagopplæring.** For å oppnå det må yrkesopplæring framstå som like attraktivt som studiespesialisering. Det kan gjerast gjennom gode skoletilbod og betre informasjon om valmoglegheitene i barneskolen og på ungdomssteget. Skolane bør tilsette yrkesfaglærarar som kan bidra i den teoretiske undervisninga og i praktiske fag for å auke forståinga for yrkesfaga. SV vil styrke samarbeidet mellom skole og arbeidsliv ved at partane i arbeidslivet blir trekt meir inn i skolen.
- **Auke kompetansen i både den sosialpedagogiske og den yrkesretta rådgjevingstenesta i Oslo-skolen.**
- **Arbeide vidare med tillitsreforma.** Det profesjonelle handlingsrommet må utvidast. Utdanningsetaten skal først og fremst ha ei rettleiarrolle, og det lokale utviklingsarbeidet skal prioriterast.
- **Innføre ei sams rabattordning for barnehage og aktivitetsskole** for dei som ikkje er innanfor ordninga med gratis halvdagsplass, slik at foreldre med born begge stader får ein samla søskenrabatt.
- **Innføre ei ordning med politisk fråvær i Oslo-skolen** og gå gjennom fråværsreglementet for å legge til rette for større kulturelt og sportsleg engasjement blant ungdom.
- **At born og ungdommar som ventar på behandling av asylsøknad, eller er i landet etter avslag på asylsøknad, skal ha rett til undervisning i grunnskole og vidaregåande opplæring.**
- **Gjennomføre forsøk med karakterfri grunnskole** som skal evaluerast av frittstående forskingsmiljø.
- **Legge betre til rette for alternative vurderingsformer, som til dømes mappeinnleveringar som alternativ til prøver.**
- **Auke merksemda på traume hos born og unge** blant tilsette i skolar, barnehagar og AKS.
- **Sikre elevane i barne- og ungdomsskolen minst éin time med tilpassa fysisk aktivitet kvar dag** innanfor dagens timetal, som gir ei triveleg og positiv oppleving for alle elevar.
- **Styrke seksualundervisninga frå barnehagen og gjennom heile skoleløpet.** Seksualundervisninga må førebygge skam og kroppspress og gi forståing for grensesetting for seg sjølv og respekt for andre sine grenser.
- **Utvide satsinga med å gi born i Oslo-skolen auka digital kompetanse,** til dømes ved å lære å skape teknologi gjennom opplæring i programmering, men òg ved å lære og praktisere god kjeldekritikk.
- **Sikre at leiken får ein større plass i skolen, særleg i 1. klasse.** Evalueringa av seksårsreforma må få konsekvensar for rammene for opplæringa av dei yngste borna i skolen.
- **Styrke den spesialpedagogiske kompetansen** og rettleiinga på skolane for å sikre at alle elevar med behov for særskild tilrettelegging får hjelp frå kvalifisert fagpersonale i eit inkluderande læringsmiljø så tidleg som råd.

Vidaregåande opplæring

Elevane i Oslo skal kunne velje mellom eit mangfald av yrkesfaglege og studieførebuande opplæringstilbod, og kvaliteten på opplæringstilbodet skal vere på eit høgt internasjonalt nivå. Alle elevar i Oslo skal ha like gode moglegheiter til å gjennomføre og bestå i vidaregåande opplæring.

For å betre gjennomføringsgraden, som i dag er frå 75 prosent, må elevane få tett oppfølging frå vaksne som samarbeider. Vidaregåande opplæring er ein viktig sosialiseringsarena for ungdom, og unge menneske i Oslo skal oppleve at det er trygt og meningsfullt å vere på skolen.

Skolen skal ha ei heilskapleg tilnærming til fagleg og sosial utvikling. Alle elevar skal få høve til å medverke og til å lære kva demokrati betyr i praksis.

Dei vidaregåande skolane i Oslo er prega av overfylte klasserom og store ulikskapar. Sterk marknadstenking med ein kombinasjon av stykkprisfinansiering og karakterbasert opptak har ført til ein svært uheldig konkurransesituasjon mellom dei vidaregåande skolane. Dette gir skolane ein usikker økonomisk situasjon og gjer at dei i aukande grad må bruke tid og krefter på å marknadsføre skolen sin. Arbeidet med å endre det uheldige finansierings- og opptakssystemet i vidaregåande opplæring har begynt og må sluttførast i neste bystyreperiode.

SV vil:

- **Forandre finansieringssystemet i vidaregåande opplæring og utvikle ein alternativ modell for ressursfordeling.** Ein slik modell skal i større grad sikre skolane ein sikker økonomi, motverke overfylte klasserom og sikre større rettferd i tildelinga ved kraftig å redusere innslaget av stykkpris.
- **Innføre ein inntaksmodell som gir ei jamnare fordeling på den enkelte skolen når det gjeld kjønn og sosial bakgrunn.** SV vil ha eit alternativ til det karakterbaserte opptaket som i større grad skaper mangfald i elevmassen og sikrar elevane best moglege valmoglegheiter.
- **Kjempe mot fråfall.** Skolen skal jobbe heilskapleg og bidra til elevane si faglege og sosiale utvikling slik at alle får høve til å gjennomføre og bestå.
- At NAV-kontora skal ha ein rettleiar som hjelper elevar som fell ut av vidaregåande opplæring.
- **Utvide tilbodet til særskilt tilrettelagt opplæring** for elevar med psykiske og sosiale vanskar i vidaregåande opplæring.
- **Sikre elevane godt utstyr.** Elevane på alle yrkesfaglege liner skal ha tilstrekkeleg og godt utstyr. Det er avgjerande for kvaliteten i opplæringa.
- **I samarbeid med partane i arbeidslivet legge til rette for og vidareutvikle alternative løp på yrkesfag,** slik at eleven kjem tidlegare i kontakt med arbeidslivet.
- **Sikre betre informasjon til elevar om høvet til å byte frå studieførebuande til yrkesfag.**
- **Arbeide for at ordningane med læreplassgaranti gjeld for alle yrkesfaglege program.**
- **Styrke rådgjevingstenesta og øymerke ressursar til skolehelsetenesta.**
- **Styrke opplæringstilbodet til samiske elevar i vidaregåande opplæring.** Auke kunnskapen om samisk språk og kultur blant tilsette i Oslo-skolen og legge aktivt til rette for at lærarar får opplæring i samiske språk.
- **Styrke teiknspråkopplæring for elevar som treng det,** og særskild språkopplæring for elevar med andre morsmål enn norsk og samisk.
- **Trappe opp ordninga med minoritetsrådgjevarar ved vidaregåande skolar og styrke den fleirkulturelle kompetansen.** Slik kan minoritetslevar få betre rådgjeving i fag- og utdanningsval og støtte i krevjande situasjonar i og utanfor opplæringa. Slik kan vi bidra til å motarbeide tvangsekteskap, sosial kontroll og æreskultur.
- **At skolen skal vere ein attraktiv arbeidsplass.** Gode lønns- og arbeidsvilkår er viktig for å rekruttere og behalde tilsette i vidaregåande opplæring. SV vil særleg styrke etter- og vidareutdanningstilbodet for yrkesfaglærarar.
- **Vidareutvikle ein god vurderingskultur som er rettvis og læringsfremmande og gjennomføre forsøk med alternative vurderingsformer.**
- **Styrke mobbeombodet og elev- og lærlingombodet** i Oslo, og styrke skolane i arbeidet med å skape trygge læringsmiljø, auke medverknaden til elevane og motarbeide mobbing i skolen.

- **Jobbe for at retten til å ta vidaregåande utdanning skal utvidast til å kunne gjelde etter fylte 25 år.**
- **Vurdere ein ny vidaregåande skole i Groruddalen.**
- **At vidaregåande skolar i Oslo skal kunne innføre fleksitid** dersom elevråda ønskjer det, slik det blir gjort ved enkelte skolar.

Største studentbyen i landet

Oslo er største studentbyen i landet, og byen kan bidra til kunnskapsbygging, berekraftig utvikling, verdiskaping, kritisk tenking og velferd gjennom eit tett samarbeid med utdanningsinstitusjonane. Høgare utdanning er først og fremst eit nasjonalt ansvar, men SV meiner at også kommunen må bidra til at studentane har det bra. Vi vil at hovudstaden skal bli beste studentbyen i landet, og tilstrekkeleg mange studentbustader, sykkelveggar, god tilgang til kollektivtransport pluss eit rikt og variert kulturtilbod vil bidra til dette.

SV vil:

- **Betre samordninga mellom velferdstenestene til SiO og kommunen sine tenester.**
- Legge til rette for at **det blir bygd 4000 nye studentbustader innan 2024** i samarbeid med Studentsamskipnaden (SiO).
- **Styrke kollektiv- og sykkeltilbodet ved dei største utdanningsinstitusjonane** og ved dei største studentbyane.
- **Tilby fleire relevante praksisplassar og sommarjobbar i kommunen** gjennom samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og kommunen sine etatar.
- **Inkludere Studentsamskipnaden i Oslo i større grad i byutviklingsprosjekt.**
- Gjere prøveordninga med **nattbuss til dei største studentbyane** til ei varig ordning.
- Halde ved lag ordninga med **studentrabatt på kollektivtilboda i byen** og fjerne aldersgrensa for alle heiltidsstudentar.
- Arbeide for å **fjerne unntaket som gjer at studentar ikkje treng å melde flytting.**
- **Gjere studiestader og læremiddel meir tilgjengelege for personar med funksjonsnedsettingar.**
- At **Fagskolen i Oslo blir utvikla og styrkt** for å gjere det tydeleg at dette er ein naturleg yrkesveg for dei som har tatt fagutdanning.

Vaksenopplæring

Ei god vaksenopplæring er viktig for livslang læring, integrering og gode moglegheiter for studium og arbeid. Både menneske med høgare utdanning og menneske utan skolegang har rett og plikt til å lære norsk og kvalifisere seg for arbeidsliv og vidare studium i Noreg. Den kommunale vaksenopplæringa må ta vare på eit mangfald av deltakarar med ulike behov og føresetnader. Alle skal kunne delta i arbeids- og samfunnsliv. Det krev grunnleggande kunnskarar og ferdigheiter.

Ein del av dei som kjem til Noreg og Oslo i dag, har liten eller ingen skolebakgrunn, og mange ber på traume og psykiske og fysiske plager. Veggen fram mot å lære norsk på eit yrkeskompetansenivå (B1-nivå) kan vere lang. Oslo kommune må legge til rette for arbeidsplassar med lågare krav til

norskferdigheiter og styrke moglegheita for at deltakarar med låg formalkompetanse kan kombinere opplæring i norsk og samfunnsfag med praktisk arbeid.

SV vil:

- **Styrke karriererettleiinga og rådgjevingstenesta i vaksenopplæringa slik at deltakarane snøggare kan komme ut i arbeidslivet eller vidare utdanning.**
- **At deltakarar i vaksenopplæringa utan fullført grunnskole skal få tilpassa basisopplæring i norsk, IKT, matematikk, samfunnsfag og naturfag.**
- **At klassestorleik og elevsamansetning må vere pedagogisk forsvarleg og ta utgangspunkt i skolebakgrunnen, nivået og progresjonen til deltakarane.** Gruppene med dei største behova skal ikkje ha meir enn 15 deltakarar.
- **At vaksenopplæringa skal gi alle høve til å jobbe seg fram mot å bestå norskprøva.** Det er denne dokumentasjonen på språkkunnskap som blir etterspurt i arbeidslivet.
- **Etablere fleire stillingar i kommunen for dei som ikkje greier å bestå B1-eksamen i norsk.**

Frå delt by til ny solidaritet

Oslo har gode føresetnader for at innbyggerane skal kunne leve eit godt og meningsfylt liv. Oslo er hovudstad i eit av dei rikaste landa i verda, og mange av innbyggerane i Oslo har høgare inntekt enn landsgjennomsnittet. Likevel lever mange i fattigdom. Forskjellane i byen er altfor store. SV ønskjer ny solidaritet. Meir av ressursane i byen må brukast på fellesskap og på å sikre at alle kan ta del i velstanden.

Sjølv om Oslo er ein rik by, fell mange utanfor. I 2015 var prosentdelen hushald med låg inntekt mest dobbelt så høg i Oslo som i resten av landet. Barnefamiliar er særleg utsett. Spesielt gjeld dette bydelane i indre by aust, dei fire bydelane i Groruddalen, og Søndre Nordstrand. Desse bydelane har mange fattige hushald. Bydel Stovner har den høgaste prosentdelen låginntektsfamiliar – her lever éin av fem barnefamiliar under fattigdomsgrensa.

SV vil:

- **Syte for eit anstendig arbeidsliv for alle.** SV vil kjempe mot svart arbeid og sosial dumping og arbeide for alle gode arbeidstakarrettar.
- **Bygge fellesskap.** Gode fellesskapsløysingar er gunstig for alle, men mest gunstig for dei som har minst. SV vidarefører eigedomsskatten for å styrke fellesskapsløysingane.
- **Ta vare på dei som fell utanfor.** Velferdskommunen skal ha gode tilbod til dei som opplever problem i ulike fasar av livet.
- **Halde fram med å vidareutvikle områdesatsingane** i Groruddalen, Indre aust, Hovseter og Oslo sør. Vurdere områdesatsing fleire stader.

Omfordeling og eigedomsskatt

Velferda blir sikra av skatteinntekter. Eit solidarisk velstandssamfunn inneber at dei som har sterkast rygg, tar dei tyngste løfta. SV ønskjer auka skatt på høge inntekter og redusert skatt på låge inntekter.

Oslo sine skatteinntekter kjem i hovudsak frå kommuneskatt på inntekter. Dei er bestemt av statens skattepolitikk. For å skaffe auka handlingsrom for fellesskapet har Oslo også innført eigedomsskatt. Den er utforma med eit botnfrådrag som sikrar at det ikkje må betalast skatt av rimelege bustader.

SV vil:

- **Auke promillesatsen for eigedomsskatt på næringsseigedom til maksimal takst.**
- Arbeide for å gjere det mogleg å **innføre ein eigen eigedomsskatt på sekundærbustader.**
- **Arbeide for å gi ei moglegheit til progressiv kommunal eigedomsskatt.** I dag er det berre lov å innføre eit botnfrådrag i eigedomsskatten. Det bør vere mogleg å innføre fleire steg for å skape betre fordelingseffekt.
- **Vidareføre ein moderat eigedomsskatt på bustad med god sosial profil** som sikrar nødvendige inntekter til å finansiere gode velferdstenester til innbyggerane i byen, og der

kommunen blir sikra om lag 200 millionar kroner i ekstra inntekter jamført med dagens innretning av skatt på bustad.

Oppvekst – kampen mot forskjellane

Oslo skal vere ein god og trygg by å vekse opp i. Same kor i byen ein bur, og uavhengig av familiebakgrunn, skal alle born i Oslo bli sett, høyrte og tatt vare på. Oslo skal vere ein inkluderande by der vi legg vekt på gode barnehagar, skolar og fritidstilbod, ein rettferdig bustadmarknad, inkludering, mangfald og eit godt barnevern. Fleire born enn vi trur, blir utsett for vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep. I den noverande bystyreperioden har SV hatt eit særleg fokus på å førebygge og avdekke slikt, og hjelpe dei yngste borna og familieane deira i den fasen der barnehjernen er aller mest sårbar. Dette utviklingsarbeidet har fått namnet *Barnehjernevernet* og vil vere ei prioritert satsing i åra framover.

I Oslo er det over 18000 born som veks opp i familiar med vedvarande låginntekt. Dersom vi skal lykkast med å skape ein god oppvekst for alle, er vi nøydde til å ta kampen mot forskjellane.

Alternativet til ein kamp mot dei veksande forskjellane er at fattigdommen går i arv. Slik får vi varige utanforskap av heile folkegrupper – menneske som ikkje trur på at det er mogleg å endre livssituasjonen deira.

Førebygging og barnevern

Alle born skal oppleve tryggleik, omsorg og kjærleik. Det vil alltid vere nokre born og unge som ikkje opplever dette i sin eigen familie. Barnevernet skal vere ein ressurs for familieane og i første rekke bidra til å få dei til å fungere. Vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep mot born er alvorlege samfunnsproblem. Det er viktig at born som lever i slike situasjonar, møter vaksne som ser og høyrer dei. Born og unge må bli møtt med openheit, audmjukskap, kjærleik og medråderett.

Born og unge har mykje kunnskap om livet sitt, og den kunnskapen kan vere avgjerande for å ta gode avgjerder. Unge med erfaring frå barnevernet etterlyser eit meir samarbeidande barnevern, sett frå born og unge sjølv. Eit tett samarbeid med borna kan føre til at dei får tilbake trua på og tilliten til vaksne. Eit tettare samarbeid mellom barnehage, skole, fritidsarenaer, ulike tenester og faggrupper vil vere viktig for at born og unge kan få hjelp så fort som råd.

Møtet med barnevernet kan vere konfliktfylt. Det er problematisk om manglande tillit til barnevernet hindrar folk i å ta kontakt når dei treng hjelp. SV ønskjer enda fleire lågterskeltilbod, der foreldre og born kan oppsøke hjelp og støtte før det blir vurdert om omsorgsovertaking er aktuelt.

For at barnevernet skal kunne gjere den viktige samfunnsoppgåva dei er sett til, treng dei nok ressursar. Samanliknar vi med resten av landet, får Oslo drygt 100 millionar for lite av staten til å ha

ansvaret for andrelinjebarnevernet/institusjonsbarnevernet. Dette er pengar kommunen kunne ha brukt til førebygging.

SV vil:

- **Sikre at institusjonsplassar blir drifta i kommunal eller ideell regi**, og kraftig redusere innslaget av kommersielle aktørar i barnevernet.
- **At bydelsbarnevernet og barnevernsinstitusjonane skal legge til grunn eit syn på born som er tufta på verdiar** som openheit, audmjukskap, kjærleik og medråderett.
- **Utvikle tverrfaglege lågterskelhjelpetilbod, også kalla Oslo-hjelpa**, der familiar kan komme rett inn og få hjelp etter behov, utan lange utgreiingstilbod, vedtak og diagnostisering (etter modell frå bl.a. Stangehjelpa og Glasshuset i Nordre Aker, som begge er døme på lågterskeltilbod for psykisk helse som ikkje krev ein diagnose med tilhøyrande lange prosessar).
- **Gjennomføre ei tillitsreform i barnevernet** slik at born og unge blir høyrte og sett og tilsette får fagleg fridom.
- **Gjennomgå dagens organisering av institusjonsbarnevernet** med sikte på å sikre ideelle aktørar ei grunnfinansiering.
- **Styrke forståinga for barnevernet si rolle i samfunnet**, slik at fleire får nødvendig hjelp. Det er nødvendig blant anna å styrke kommunikasjonen med og informasjonen til minoritetsmiljø.
- **Ha ei aktiv rekruttering av tilsette og fosterfamiliar med ulik bakgrunn, for å gjere barnevernet meir representativt.** Dette vil også bidra til å auke tilliten til barnevernet.
- **Styrke bemanninga i barnevernet.** Barnevernet bør få auka kompetanse innanfor rus, psykiatri og traumeforståing.
- **Styrke samarbeidet mellom barnevernet, helsestasjonane, helsestasjon for ungdom, BUP, NAV, politiet, barnehagen og skolen** slik at born får tilbod til rett tid. Dei ulike tenestene bør i mykje større grad samlokaliserasast.
- **Senke terskelen for å sende bekymringsmeldingar til barnevernet.** Dette krev auka samarbeid mellom barnevernet og skolar, barnehagar og andre som har meldeplikt til barnevernet.
- **Innføre ei norm for kor mange born** ein tilsett i barnevernet i Oslo kan ha ansvar for.
- **Ha betre oppfølging av born i fosterheim.**
- **Ha auka samarbeid med familiare.** Det skal vere tilbod om rettleiing og opplæring av foreldre. Heimebesøksprogrammet Nye Familiar bør utvidast til familiar med mange born.
- **Sikre høg kvalitet på tolkar som blir brukt i barnevernet, til dømes gjennom ein modell som Tolkesentralen.** Born skal aldri brukast som tolkar, og tolketida skal ikkje gå utover samtaletida.
- **Sikre større stabilitet blant medarbeidarar i barnevernstenester, slik at det blir lettare for familiare å vite kva slags tenester dei kan vente seg.**

Eit sosialt sikkerhetsnett

Eit velferdssamfunn må ha eit sikkerhetsnett som kan fange opp dei som på kort eller lang sikt treng hjelp frå fellesskapet. Det er eit mål for oss alle i størst mogleg grad å vere sjølvhjelpne.

I Oslo blir mange avhengige av hjelp frå NAV og sosialtenesta fordi andre delar av staten, kommunen eller frivilligsektoren påfører dei kostnader for grunnleggjande tenester. Dermed er dei avhengige av supplerande sosialhjelp for at husstanden skal ha eit likeverdig sosialt liv.

SV vil:

- **Legge til grunn at universelle ordningar** gir best organisering av velferdsstaten.
- **Bidra til at eigendelar innanfor helse- og velferdstenester har ein sosial profil.**
- **Arbeide for ein sosial bustadpolitikk** med husleige i kommunale utleigebustader på akseptabelt nivå. Kommunen skal redusere overføringane frå bustadføretaka til bykassa.
- **Utvikle eit alternativ til gjengs leige for å berekne husleige i kommunale bustader.**
- **Søke om løyve til eit prøveprosjekt der kontantstøtta blir fjerna i utvalde bydelar.** Dei innsparte utgiftene for det offentlege skal nyttast som medfinansiering av gratis barnehageplass og aktivitetsskole.
- **Sikre individuell vurdering og hjelp til menneske som treng sosialhjelp.**
- **Utvikle metodar for arbeidsinkludering av personar som er utsett for vald i nære relasjonar,** i samarbeid med NAV og krisesenteret.

Ein trygg by for alle

I Oslo skal alle føle seg trygge. Levekår, fattigdom og utanforskap er ei viktig årsak til vald og kriminalitet. Ein god fordelingspolitikk er eit viktig verkemiddel for ein trygg by. Ein by der alle opplever meining, er ein tryggare by for alle.

I somme grupperingar av minoritetsungdommar er tilliten til politiet låg. Mange minoritetsungdommar kjenner seg urettvist behandla og mistenkeleggjort av politiet. Det er avgjerande at politiet kjenner ungdomsmiljøa og kan skape tillit hos ungdommen.

SV vil:

- **Sikre nærpolti i alle bydelar.** Det er viktig at politiet er lett tilgjengeleg og kjenner nærmiljøet.
- **Styrke det kriminalitetsførebyggjande arbeidet til politiet,** blant anna samarbeidsmodellen SALTO mellom kommunen og politiet.
- **Auke nærværet av utekontaktar og miljøarbeidarar i nærmiljøet.** Støtte opp under Natteramnane.
- Syte for **gode lysforhold i offentlege rom.**
- **Utvide nattilbodet med buss.**
- Arbeide for at **ein ny Politihøgskole skal leggjast til eit kollektivknutepunkt** på austkanten.

Kunnskap og solidaritet på rusfeltet

SV vil ha ein ruspolitikk som tar omsyn til dei skadeverknadene rusmiddel har for enkeltmenneske og for samfunnet. Det viktigaste i ruspolitikken er førebygging.

Store delar av folket drikk alkohol. Ganske mange har prøvd cannabis. Vidare er bruken av sentralstimulerande middel som amfetamin og kokain aukande. Overforbruk av reseptbelagte medikament er også eit problem.

SV ønskjer at bruken av rusmiddel skal reduserast. For å oppnå det, treng vi framleis reguleringar av tilgang og pris på rusmiddel. SV går imot ny liberalisering av skjenkepolitikken. Politiet har ei viktig oppgåve i å syte for at parkar og torg ikkje skal pregast av rusmiljø. Men SV meiner at rusavhengigheit først og fremst er eit helseproblem, og at rusavhengige skal få tilbod om hjelp for dette framfor å bli jaga rundt av politiet. Det må akseptierast at ikkje alle ønskjer behandling.

Rusavhengige skal ikkje straffeforfølgjast, men få tilgang til behandling og hjelp for ein betre kvardag. Oslo SV vil stimulere til at injiserande heroinavhengige kan gå over til inhalering (røyking) av heroin.

SV vil:

- At det **offentlege behandlings-, bu- og omsorgstilbodet blir styrkt**, og dei ideelle aktørane sin plass blir sikra.
- **Styrke ettervernet for rusavhengige**, og sikre tilbod om buoppfølging, arbeidstrening og lågterskel-aktivitetstilbod under og etter behandling.
- At det **blir innført forpliktande tidsfristar for å starte avrusing og behandling** for dei som søker hjelp for å komme ut av rusmiddelavhengigheit.
- **Ha system for hjelp til og oppfølging av born, unge og familiar i "randsona"** – ei dialogbasert skolehelseteneste som er kunnskapsbasert og ikkje strafforientert.
- Ha ei **god opplæring om rusmiddel i barne- og ungdomsskolen** ved ei dialogbasert tilnærming.
- At idretts- og kulturarrangement der born og ungdom er med, **skal vere alkoholfrie**.
- At det skal **kunne inhalerast heroin i sprøyterom**, og at Oslo blir ein forsøkskommune for **heroinassistert behandling**.
- Ha **opplæring i inhalering av heroin av menneske i same situasjon** (likepersonsaktivitetar) knytt til gatenære tiltak.
- Det skal vere **betre overgangar mellom tiltak og nivå i rustiltaka**. Samhandlinga mellom spesialisthelseteneste og kommune kan stimulerast til fordel for brukarane.
- **Vidareutvikle tilbodet av stader å vere** med låg terskel, med vekt på fleire tilbod i ytre by.
- Arbeide for **god dekning av brukar- og opphaldsrom utanfor sentrum** for å hindre at det blir etablert salsscener, og tilby folk hjelp nær bustadene deira.
- At **skjenketida i Oslo skal vere innanfor dagens ramme på kl. 03.00**, med myndigheit for bydelsutvala til å avgjere skjenketidene innanfor denne ramma.
- **At kontrollapparatet blir styrkt**, og det må komme raskare og strengare reaksjonar ved brot på skjenkeføresegnene.
- At **eldre og pleietrengande rusmisbrukarar må få tilrettelagte sjukeheimplassar** for sine behov.

Områdeløft

Oslo er ein delt by. I nokre område er levekåra for folk dårlegare enn i andre. Ofte er desse områda prega av fattigdom. I mange tilfelle har slike område også større sosiale problem, vanskelegare oppvekstvilkår for born og unge, fleire som står utanfor arbeidslivet, og fleire som er dårleg integrert i det norske samfunnslivet. I mange tilfelle er også det fysiske miljøet i slike område dårlegare enn elles i byen. Støy og luftureining frå privatbilar råkar ofte fattige hardare enn andre. SV vil styrke kulturen som ein del av områdeløfta, både gjennom kunst og kultur i bybildet og bumiljøa og gjennom eit breitt kulturtilbod for born, unge, vaksne og eldre.

Opphoping av fattigdom, sosiale problem, dårlege oppvekstmiljø og miljøproblem i enkelte område er eit felles ansvar for byen. SV vil styrke politikken med områdeløft i område i byen som fell utanfor velstandsutviklinga elles. Områdeløfta må gjerast i samarbeid mellom staten, Oslo kommune, dei enkelte bydelane og det sivile samfunnet.

Områdeløft er gode verkemiddel for å sikre at dei mest utsette områda i byen har dei grunnleggande kvalitetane som folk ønskjer i nærmiljøa sine.

SV vil:

- **Jobbe for å vidareføre dagens områdesatsingar** dersom det framleis er behov for dei, og opprette nye dersom det blir avdekt behov for det.
- At **Groruddalen, Tøyen, Grønland, Oslo sør og Hovseter alltid skal vurderast som innsatsområde** når nye velferdsordningar og pilotprosjekt skal etablerast eller testast, til dømes ved reduksjon av brukarbetalingar for barnehagar og AKS.
- **Sikre at områdeløfta bidreg til at born og unge får betre høve til å vere med i fritidsaktivitetar som kulturskole, idrett eller liknande.**
- Ha ei omfattande og grundig evaluering av **det fysiske bumiljøet og sikre tilgang til gode område for rekreasjon** i Groruddalen, Tøyen, Grønland, Oslo sør og Hovseter.
- **Vurdere lokalisering av nye kulturtilbod, idrettstilbod** og andre store satsingar i bydelane Groruddalen, Tøyen, Grønland, Oslo sør og Hovseter.
- **Legge til rette for næringsutvikling i Oslo sør.**
- **Legge vekt på den lokale forankringa og mobilisere lokalsamfunna.**
- Utvikle **differensierte og alternative buformer** ved bustadsosial innovasjon og sosialt entreprenørskap.
- **Auke ressursinnsatsen** i desse områda frå det offentlege si side.
- **Vurdere om områdeløft bør etablerast i andre område i Oslo.**

Fritidstilbod for born og unge

Gode, felles fritidsarenaer er eitt av fleire element i lokalsamfunnet sitt sikkerhetsnett rundt born og unge. Fritidstilbod skaper fellesskap og har ein førebyggjande funksjon i eit større samfunnsperspektiv. Lokale tilbod bør utviklast i samråd med born og unge, og i samarbeid med tenester, aktørar og foreiningar lokalt. Det må leggast særleg vekt på å utvikle gode, lokale aktivitetar for born og unge knytt til arbeid med områdeløfta.

SV vil:

- **Bevare, styrke og utvide fritidstilbud for born og unge**, også for unge over 18 år, med aktivitetar som er meningsfylte i lokalmiljøet.
- **Arbeide for nært samarbeid mellom kommunale fritidstilbud, lokale offentlege tenester, foreiningar og frivillige aktivitetstilbydarar om utvikling og drift av tilbod.**
- **Styrke samarbeidet mellom fritidstilbud og skolar** blant anna om bruk av bygningar.
- **Styrke driftstilskotet** til barne- og ungdomsorganisasjonar i Oslo.

Rettferdig bustadpolitikk

Det er ein menneskerett å ha ein skikkeleg stad å bu. SV ønskjer ein bustadpolitikk som gjer denne retten reell. SV jobbar for ein rettferdig bustadpolitikk der kommunen, i samarbeid med staten, sikrar at også dei som har låg inntekt og manglar eigenkapital, har råd til å kjøpe eller leige bustader til levelege prisar.

Store sosiale forskjellar på tvers av byen viser seg både i folkesetnaden og i bustadprisane. Bustader blir omsett i ein fri marknad, og prisveksten bidreg til auka økonomiske forskjellar. Dette øydelegg òg moglegheita for å skape gode blandingar av folkegrupper i same nærmiljø. Heterogene bymiljø fremmar toleranse og tillit og motverkar fordommar og framandfrykt.

Ein god bustadpolitikk fremmar ein variert busetnad og god tilgang til skolar, barnehagar, idrettsanlegg, kollektivtilbod og arbeid. Områdeutvikling må bidra til lokal næringsverksemd og kulturtilbod.

Bustader til overkommelege prisar er eit viktig verktøy i kampen mot Forskjells-Oslo. Den sterke veksten i bustadprisar gjer det vanskeleg å sikre at folk med normale inntekter får råd til å bu. Folketalsveksten i åra framover gjer ei radikal endring av bustadpolitikken nødvendig. Bustadpolitikken kan ikkje vere totalt dominert av private utbyggingsinteresser, men må inn under folkevald kontroll.

Dagens sosiale bustadpolitikk, der kommunen stiller bustader til rådvelde for vanskelegstilte, skal i neste periode supplerast med ein politikk og tiltak som stimulerer til bygging av fleire bustader til folk som har problem med å komme inn på bustadmarknaden, t.d. på grunn av liten eigenkapital og lite av arva pengar, trass i at det er ønskjeleg at dei kan bu i byen og i eit lokalmiljø.

SV vil derfor legge til rette for ein slik «tredje bustadsektor», med bustader utanom dei som blir selt på den ordinære marknaden («første bustadsektor») og utanom sosialbustader for vanskelegstilte («andre bustadsektor»).

SV vil:

- **Etablere eit kommunalt tomte- og utviklingselskap** som skal legge til rette og styre viktige utbyggingar og sikre tilstrekkeleg høg byggeaktivitet. SV har som mål at kommunen på denne måten skal begynne på arbeidet med å realisere minst 1000 slike bustader, og vil med det legge grunnlaget for ein tredje bustadsektor.
- **At kommunen bygger bustader for utleige.** Formålet er at fleire skal kunne leige sikkert over lengre tid og til regulerte prisar. Det kan føre til tryggare leigeforhold enn i dag.
- **Bruke ordningane i Husbanken** som skal hjelpe vanskelegstilte til å kjøpe bustad. Det kan vere leige-for-eige, startlån, bustadtilskot eller tilvisingsavtalar.
- **Greie ut tiltak mot utbyggerar som held igjen bygging av bustader på ferdigregulerte, byggeklare tomter.**
- **At butilboda frå kommunen skal omfatte fleire og ulike buformer.**

- **Vurdere strengare regulering av utleige** for å unngå at leilegheiter blir brukt som hybelhus, og jobbe for å få til eit nytt nasjonalt regelverk som gjer at ein kan hindre seksjonering.
- **At kollektivtilbod blir bygd ut slik at fleire område i byen blir attraktive buområde.** Det vil bidra til å fordele bustadpresset jamnare.
- **Sikre at når det blir planlagt nye større bustadområde,** er kollektivløysingar og skolar, barnehagar, idrettsanlegg, byrom og annan infrastruktur på plass når folk flyttar inn.
- **Endre leilegheitsnorma fleire stader** slik at vi kan sikre fleire store familiebusader, spesielt i indre aust.
- **Auke talet på kommunale utleigebustader, leige dei ut til kostpris** og spreie dei over heile byen.
- **Auke satsinga på vedlikehald og rehabilitering** av kommunale bustadbygg, og la Boligbygg KF behalde ein større del av overskotet til vedlikehald og nybygging.
- **Legge til rette for fleire generasjonsbusader,** eldrekollektiv og alternative busader for demente.

God helse for alle

Den beste helsehjelpa er å førebygge dårlege helseforhold – det gjeld både for enkeltmenneske og for samfunnet i det heile; samfunnet må legge til rette for gode helseval. Det kan bety å gjere det lett å bevege seg, ete fornuftig og ha eit godt sosialt liv i samsvar med eins eigne føresetnader. Sjølv om du i utgangspunktet har eitt eller fleire helseproblem, har du framleis ei helse å ta vare på. SV vil prioritere førebygging i helsepolitikken.

SV vil arbeide for at alle har full tilgang på nødvendig helsehjelp, uavhengig av diagnose, funksjonsnedsettingar, bustad, økonomisk status, alder, kjønn, seksuell orientering, etnisitet, språk eller anna. SV meiner at kvaliteten på heile kjeda er eit offentleg politisk ansvar. Alle ledd av helsetenesta må vere kunnskapsbasert og ikkje styrt av privatøkonomiske interesser. Vi vil arbeide systematisk for eit betre psykisk helsevern, offentlege omsorgstenester som er til stades når det trengst, og for at ingen i Oslo avsluttar livet i einsemd.

Det er store helseforskjellar mellom bydelane og innerter i bydelane. Sjølv om desse forskjellane er mindre enn i dei fleste europeiske storbyar, er dei større enn mellom fylka i Noreg. Vald og mobbing i skolen er eit helseproblem; ein av ti rapporterer å vere utsett for dette minst éin gong i månaden. Berre 65 prosent av ungdomsskoleelevane og 55 prosent av elevane i vidaregåande opplæring et frukost kvar dag.

SV vil:

- **Arbeide for at alle born skal ha ein trygg og sunn oppvekst.**
- **Vidareutvikle den aktive byen** og styrke friluftslivet for å fremme fysisk og psykisk helse.
- **Førebygge einsemd** og styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar, som til dømes Bydelsmødrer og frivilligsentralane.

Primærhelsetenesta og det kommunale tenestetilbodet

Ei godt fungerande primærhelseteneste er ein føresetnad for at innbyggjarane i byen blir sett i stand til å nyte godt av helsebyggjande tiltak i offentleg regi. SV vil arbeide for at primærhelsetenesta blir finansiert på ein slik måte at ingen økonomiske eller sosiale forhold hindrar folk frå kontakt med fastlege når dei kjenner behov for det. Oslo bør gå føre, og vise at det er mogleg å få til noko i Oslo som kan tene som føredøme til etterfølging frå statleg hald.

SV vil etablere ein koordinator for foreldre med born som er alvorleg sjuke eller har funksjonsnedsetting. Vi vil sikre eit tilstrekkeleg og verdig dag- og butilbod til personar med funksjonsnedsettingar, og at tilbodet dekkjer dei individuelle behova til kvar enkelt. Det er viktig å syte for nok tilsette og ei tilstrekkeleg kvalifisert bemanning i tenester for personar med funksjonsnedsettingar, særleg når det gjeld personar med utviklingshemming, som vi ser på som særleg sårbare for uventa endringar i tenestetilbodet og stort gjennomtrekk av tilsette.

Ein god oppvekst startar i svangerskapet. Derfor er det viktig at alle nye familiar får familierettleiing når dei får barn for første gong. Tilbodet skal vere universelt.

God ernæringsstatus er svært viktig før, under og etter svangerskap, både for foster og for mor. Det bør i kommunen vere tilgang på fagpersonell med solid ernæringsfagleg kompetanse som kan rettleie helsepersonell og ta vare på kvinner med særskilde behov under svangerskapet. Dette for å ta vare på helsa til kvinna og barnet på best mogleg måte.

SV vil:

- **Halde fram arbeidet med "Nye Familiar", som er eit heimebesøksprogram for nye familiar frå svangerskap til barnet er to år.**
- **At helsestasjonane skal ha tilgang på fagpersonell med ernæringsfagleg bakgrunn som kan rettleie både helsepersonell og gravide kvinner.**
- **Syte for at alle som treng det, blir sikra koordinerte tenester.** Det er viktig at alle familiar som har funksjonshemma eller alvorleg sjuke born, får den hjelpa og oppfølginga dei har krav på.
- **Styrke helsefremmande, førebyggjande og rehabiliterande tenester** i tillegg til tilbodet på helsehusa, slik at folk kan meistre kvardagsutfordringane i sin eigen heim.
- **Styrke skolehelsetenesta** i heile byen.
- **Gratis fastlege** fram til fylte 20 år.
- **Styrke svangerskapsomsorga ved å auke kapasiteten ved helsestasjonane** i Oslo, slik at alle gravide har tilgang til jordmor frå 18. svangerskapsveke og fram til fødselen.
- **Sikre at legar i kommunale helsetenester ikkje kan reservere seg** mot å skrive ut resept på prevensjon eller eller vise abortsøkande kvinner til ein lege som utfører inngrepet.
- **Jobbe for at statleg tilskot ved etablering av nye fastlegekontor blir innført att.** Tilskot i etableringsfase for nye kontor og fastlegeheimlar som ikkje har pasientar på liste frå før, vil kunne vere nødvendig for å få eit godt fastlegetilbod i alle delar av kommunen.
- **Sikre eit tilbod av fysioterapeutar, ergoterapeutar og logopedar** i kommunal og ideell regi som gir eit godt tilbod til folk med behov for slike tenester.
- **Sikre tilgang til terapibad.**
- **Sikre full tilgang til grunnleggjande helsetenester til papirlause** og andre som oppheld seg irregulært i Noreg, både for å trygge den enkelte og for å verne samfunnet mot smittsame sjukdommar.
- **Sikre og styrke tverrfaglegheita i heimetenesta.** Heimebuande eldre og pasientar som blir utskrivne frå sjukehus, har kompliserte hjelpebehov. Heimetenesta må styrkast med kompetanse frå fleire fagområde som fysioterapi og ernæringsfysiologi for å gi tilfredsstillande tenester.
- **Syte for at både kommunens eiga BPA-ordning (brukarstyrt personleg assistanse) og alle BPA-konsesjonar er i tråd med intensjonen i lova, inkludert høvet til å reise ut av kommunen.**
- **Sikre at alle som har rett til BPA, får tilstrekkeleg mange assistansetimar til å leve eit sjølvstendig liv og delta i samfunnet.**
- **Sikre at kommunen innfrir plikta si til å tilby BPA også til dei som har eit mindre assistansebehov.**
- **Vurdere innstrammingar i kommunen sitt regelverk for fyrverkeri.**

- Sikre eit tilstrekkeleg og verdig dag- og butilbod til personar med funksjonsnedsettingar og at tilbodet dekkjer den enkeltes individuelle behov.
- Syte for nok tilsette og ei tilstrekkeleg kvalifisert bemanning i tenestene for personar med funksjonsnedsettingar, særleg når det gjeld personar med utviklingshemming, som vi ser på som særleg sårbare for uventa endringar i tenestetilbodet og stort gjennomtrekk av tilsette.
- Etablere tydeleg ansvar for koordinering av pasientforløp for menneske med kroniske sjukdommar og eldre med mange diagnoser.

Eit godt lokalsjukehusstilbod og nytt sjukehus på Aker

Det viktigaste målet i sjukehuspolitikken er eit trygt og godt sjukehusstilbod til alle som bur i Oslo. Vi vil få på plass ei ny storbylegevakt og eit nytt lokalsjukehus på Aker, og ta vare på Ullevål sjukehus som det framifrå akuttmedisinske tilbodet det er for innbyggjarane i Oslo.

Sjukehuskapasiteten for befolkninga i Oslo er under sterkt press, og berekningar viser at Ahus vil ha nådd sin fulle kapasitet innan 2030. Helse Sør-Aust har planar om å omstrukturere sjukehusstilbodet i Oslo. Region- og lokalsjukehusfunksjonar for tre bydelar skal leggast til Gaustad. Radiumhospitalet og Regional sikkerheitsavdeling skal få nye bygg, og det skal byggast eit nytt lokalsjukehus for Groruddals-bydelane på Aker-tomta. Oslo SV er uroleg for at nedlegging og flytting av Ullevål sjukehus vil kunne ha negative konsekvensar for utviklinga av medisinske fagmiljø i verdsklasse.

SV vil:

- Greie ut vidare sjukehus på Ullevål-tomta og gå imot alle eventuelle planar om nedlegging og sal inntil alternativa er fullverdig utgreidd.
- Jobbe for at Stortinget instruerer Helse Sør-Aust til å gi finansiering av lokalsjukehuset på Aker høgaste prioritet og at investeringsplanar med rekkefølgebestemmingar for prosjekta blir lagt fram.
- At Oslo kommune bruker forhandlingsposisjonen sin og reguleringsmyndigheita si for å sikre at framdrifta på bygging av lokalsjukehuset på Aker blir første prioritet.

Tannhelse er folkehelse

Tannhelsa er ein svært viktig del av helsa, og tannlegetenesta høyrer naturleg med i det offentlege helsestellet. Derfor bør tannbehandling dekkast av det offentlege på lik line med anna behandling i spesialisthelsetenesta.

SV vil:

- Styrke den offentlege tannhelsetenesta. Inntil ei tannhelsereform i statleg regi kjem på plass, bør Oslo gå føre og arbeide for at fleire grupper av innbyggjarane i Oslo skal få eit betre og rimelegare offentleg tannhelsetilbod.
- Utvide gratis tannbehandling til fylte 20 år.
- Informere betre om, og styrke tilbodet om, gratis tannhelse til innbyggjarar som tar imot tenester heime eller på institusjon.

- Sikre at tannhelsetenesta har kompetanse til å avdekke vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep mot born og unge.

Trygt og inkluderande arbeidsliv

Oslo skal vere ein god og inkluderande stad å jobbe, med trygge arbeidsforhold og gode arbeidsvilkår. Faglege rettar er ein styrke i arbeidslivet, og fagrørsla skal vere ein naturleg samarbeidspartnar.

I Oslo kommune skal heiltidsstillingar vere regelen – deltidsstillingar unntaket. Dei lågast lønte skal få eit løft. Dei tilsette skal vere ein ressurs, og kompetanseheving for å møte nye utfordringar skal vere noko sjølvsgt. Kompetansen til dei tilsette skal brukast aktivt for å gjere byen betre. Det skal tilsettast lærlingar i heile kommunen. Altfor mange står i dag utanfor arbeidslivet. Det er viktig at det blir etablert fleire tilrettelagte arbeidsplassar, både i det ordinære arbeidslivet og i skjjerma verksemd. Det er ei prioritert oppgåve å legge til rette for at fleire uføre kan ta i bruk restarbeidsevna si.

Bransjar som reinhald og restaurant har svakt organiserte arbeidstakargrupper. Eigarane utnyttar dette og tilbyr vilkår som er langt under tariffreguleringane og gjennom ulovleg innleige. Oslo SV vil fjerne bemanningsbyråa sin dominans i byen og sikre trygge tilsettingar. Tilsette skal vere trygge om dei tar opp kritikkverdige forhold. Medråderett skal vere norma.

I Oslo foregår det utbreidd kriminell verksemd i enkelte bransjar: Bygg- og anleggssektoren er i dag prega av underbetaling, svart økonomi og uoversiktlege kjeder av underleverandørar. Det skal sjølvsgt ikkje vere plass til kriminelle selskap som tener pengar på å bygge byen. Oslo SV vil kjempe mot og stanse denne kriminalitetsutviklinga som pregar delar av arbeidslivet, ikkje minst bygg- og anleggssektoren.

Innan mange bransjar og yrke blir også stadig fleire tvinga til å bli sjølvstendig næringsdrivande, etter press frå arbeidsgjevar. Dette er ei utvikling som fører til utryggleik for den enkelte og ein meir uregulert arbeidsmarknad for samfunnet.

Som elles i landet jobbar dei fleste innanfor pleie og omsorg, i barnehagar og AKS i deltid. Personar som har arbeidet sitt i denne sektoren, risikerer å bli økonomisk avhengige av partnaren sin. Det gjeld mest kvinner, sidan det særleg er kvinner som arbeider i denne sektoren. Lågtlønne og deltidsarbeidande har lite eller ikkje noko høve til å kjøpe seg bustad. På kort sikt må dagens deltidskultur i kvinnedominerte sektorar erstattast med ein heiltidskultur, og det bør vere eit mål at minst 75 % av dei tilsette jobbar i heile stillingar.

Mange familiar slit med å få tida til å strekke til. Dette er ei av årsakene til at kvinner vel deltid, mens menn må jobbe meir for å kompensere for bortfall av inntekt. Mellombels tilsetting svekker kompetansebygging, aukar innverknaden til arbeidsgjevarane, gjer det lettare å seie opp folk og undergrev ordna lønns- og arbeidsvilkår. Dette råkar særleg ungdom og kvinner. Målet er å redusere talet på mellombels tilsette med minst 25 % i kommande bystyreperiode, rekna frå 1. januar 2019.

Mange av Oslo kommune sine tenester har blitt konkurranseutsett. Private aktører hentar ut fortene på å drifte ulike tenester for Oslo kommune. Når verksemder blir lagt ut på anbod, kan anbydarar primært konkurrere ved å redusere kvaliteten eller ved å gi dei tilsette dårlegare lønns- og arbeidsvilkår. Anbudsrunder fører i tillegg til ustabile og utrygge arbeidsplassar. SV vil at kommunen skal føre drifta av sjukeheimar, helse- og omsorgstenester, drift av grøntanlegg, veg, reinhald og reinseanlegg tilbake til kommunen (rekommunalisering) når kontraktane går ut, eller syte for at dei blir drifta av ideelle organisasjonar. SV vil behalde avfallshandteringa i kommunal regi.

SV vil:

- **Sikre at den vedtatte Oslo-modellen for eit seriøst arbeidsliv blir følgt opp aktivt av byrådet.**
- **Utarbeide og innføre Oslo-modellen i andre sektorar i tillegg til bygg og anlegg og helsesektoren.**
- Sette i gang prosjekt med mål om å **få etablert ein heiltidskultur i kommunen.**
- **At ved anbod skal kommunen kunne stille krav om fast tilsetning.**
- **Jobbe for gradvis nedkorting av arbeidsdagen**, med 6-timarsdagen som mål, blant dei tilsette i kommunen.
- **Velje leverandørar som har tariffavtale** eller lønns- og arbeidsvilkår tilsvarande tariffavtale, eller som er villige til å inngå tariffavtale om tilsette krev det.
- Arbeide for at den foreslåtte endringa om å **forby bemanningsbransjen** blir vedtatt.
- At kommunen som arbeidsgjevar **praktiserer dei reglane som gjaldt i arbeidsmiljølova før endringane i 2015 om mellombels tilsetningar og tilsettingsvern.**
- Gi rom for at det er **arbeidsplassar for folk med varig nedsett arbeidsevne** i kommunale verksemder.
- At Oslo kommune har **forpliktande likelønnsplanar** i alle verksemder.
- At Oslo kommune i kommande tariffoppgjer prioriterer likelønn i kommunen sine verksemder, bl.a. gjennom å **vurdere likelønnsplanar.**
- **Opprette eit uavhengig varslingsombod i Oslo kommune**, til avløyning av det noverande varslingsrådet.
- Bygge eit meir aktivt **samarbeid mellom NAV, kommunale verksemder og attføringsbedrifter** som er eigd heilt eller delvis av Oslo kommune.
- Halde fram med å satse på eit **inkluderande arbeidsliv ved å etablere nye VTA-plassar** (varig tilrettelagte arbeidsplassar).
- At kommunen og bydelane sikrar **rekruttering av fagfolk til oppvekst-, helse- og omsorgssektoren, og sikrar ufaglærte fagopplæring på arbeidsplassen.**
- **At talet på lærlingar skal aukast.** Sikre at relevante kommunale arbeidsplassar og kommunen sine leverandørar også har tilsett lærlingar.
- At kommunen **vidarefører tillitsreforma** i samarbeid med dei tilsette.
- Jobbe aktivt for å styrke **arbeidet mot arbeidslivskriminalitet.**
- Styrke dei kommunale og ideelle **arbeidsmarknadsbedriftene.**
- Vidareføre satsinga på **NAV sine heilskaplege tilbod, særleg til fattige familiar.**
- Betre moglegheitene for **etter- og vidareutdanning innanfor helse- og omsorgsområdet**, særleg for assistentar og fagarbeidarar.
- At **ILO (FNs arbeidsorganisasjon) sin konvensjon 137** blir lagt til grunn for hamnedrift.
- At Oslo kommune skal vere ein etisk aktør som legg **ILO sine seks kjernekonvensjonar for anstendig arbeid til grunn for innkjøpspolitikken sin.**
- At Oslo kommune skal stille krav til arbeidsvilkår blant leverandørane sine ved å **innføre ei karanteneordning for alvorlege brot på arbeidsmiljø- og allmenngjeringslova.**

Arbeid til alle ungdommar

Arbeidslivet stiller i stadig større grad høge krav til kompetanse hos arbeidstakarar. Vegen inn i arbeidslivet går gjennom å få nødvendige kvalifikasjonar.

For ein del ungdommar er overgangen frå skole til vaksent arbeidsliv tøff. Ungdom med lite eller inga utdanning ut over grunnskolen står svakt på arbeidsmarknaden. Ein del av ungdommane har også andre problem i livet, og manglande tilknytning til arbeidslivet vil kunne forsterke problema. Særleg bekymringsfull er situasjonen for gutar, som har dårlegare skolerresultat enn jenter på ungdomsskolen, og som oftare har fråfall på vidaregåande opplæring. Ein ser òg ein urovekkande forskjell i prosentdelen som får læreplass mellom gutar med innvandrarbakgrunn og andre gutar.

Både for fellesskapet og for den enkelte er det viktig at ungdom som slit eller alt har falle utanfor, får nye vegar inn i arbeidslivet. Nokre ungdommar har behov for individuell oppfølging og hjelp til å velje rett og til å kommunisere med skole og arbeidsliv. Andre treng tilrettelegging av arbeidspraksis eller hjelp med å handtere personlege problem.

Oslo-modellen for eit anstendig arbeidsliv skaper eit sug etter faglært arbeidskraft. Det er derfor viktig at kommunen hjelper ufaglærte til å ta fagutdanning, for å dekke dette behovet.

SV vil:

- **Starte arbeidet for arbeidslivstilknytning allereie på ungdomsskolen.** Gjennomføre eit pilotprosjekt der elevar frå ungdomssteget kan ta noko av undervisninga på ein yrkesfagleg vidaregåande skole. Syte for at fleire ungdomsskolar tilbyr arbeidslivsfag.
- **Sikre at fleire får kompetanse frå vidaregåande utdanning.** Gjennomføre prosjektet med eit 11. skoleår for dei som ønskjer det. Slik får dei som ønskjer det, moglegheit til å fordjupe seg lenger i det som er vanskeleg. Satsinga bør kombinerast med tett oppfølging, karriererettleiing og tilrettelagt arbeidspraksis.
- **At ungdom som slit, skal ha hjelpa nær.** Satsinga på skolehelsetenesta, på oppfølgingstenesta og på NAV-retteljarar som er til stades på dei vidaregåande skolane, skal styrkast.
- **Sommarjobbprosjektet til kommunen skal formidle sommarjobb til minst 2000 ungdommar,** i kommunen og samarbeidande bedrifter. Sommarjobb styrker ungdommane si tilknytning til og erfaring frå arbeidslivet, og gir ungdom høve til å tene egne pengar.
- **Gi folk ein ny sjanse til kvalifiserande utdanning.** Ufaglært arbeidsledig ungdom skal tilbydast yrkesfagleg utdanning med mykje arbeidspraksis og tett oppfølging undervegs, med tanke på å kvalifisere seg innanfor sektorar der Oslo-modellen aukar behovet for faglært arbeidskraft. Tilbodet skal gjevast uavhengig av formell rett til vidaregåande opplæring.
- **Gi folk ein ny sjanse til arbeid.** Kommunen skal bidra til at folk med hol i CV-en blir prioritert til intervju når det skal tilsettast folk i nye stillingar.

Arbeid for alle

Alle skal kunne leve av si eiga arbeidsinntekt. Det er ein hovudpilar for ein rettferdig samfunnsøkonomi. Arbeid gir òg verdigheit og mening. Å vere del av eit arbeidsliv gjer deg til medlem av samfunnet.

Likevel får ikkje alle ta del i dette avgjerande området av livet. Dei har mista arbeidsplassen sin, dei er sjuke eller uføre og har vore ute av arbeid ei tid, eller dei har ikkje komme inn i arbeidslivet enno av ulike årsaker.

Det finst ei rekke arbeidsmarknadstiltak og kvalifiseringsprogram som tar sikte på at deltakarane skal komme i lønt arbeid. Å delta i slike arbeidsmarknadstiltak gir rett til kvalifiseringsstønad eller tiltakspengar. Kvalifiseringsstønad og tiltakspengar gjer at mange barnefamiliar kjem over fattigdomsgrensa i programperioden. Men ikkje alle får slike tilbod, og for mange er ikkje tiltaka tilstrekkelege for å komme i arbeid. Mange arbeidsledige opplever det som svært demotiverande å bli vist tilbake igjen og igjen til nye jobbsøkarkurs, praksisplassar og andre program som ikkje verkar.

Lønnstilskot og fagopplæring er viktige tiltak for å få folk i arbeid. Tiltaket lønnstilskot betyr delvis finansiering av lønn som den langtidsledige eller langtidssjuke kan ta med når han/ho søker jobb. Fagopplæring er ei langsiktig investering i unge menneske som potensielt har 30–40 år att av eit yrkesaktivt liv.

Personar med funksjonsnedsettingar har særskilde vanskar med å komme inn på arbeidsmarknaden. Oslo kommune må prioritere tiltak som bidreg til at også personar med funksjonsnedsettingar kjem i arbeid.

SV vil:

- **At Oslo kommune skal jobbe for at staten skal gi alle som ikkje er i arbeid, rett til kvalifiseringsprogram eller tiltak med sikte på ordinært arbeid.**
- **At alle som har fullført toårig kvalifiseringsprogram/tiltak og framleis ikkje er komne i arbeid, skal ha rett til tilbod om ordinært arbeid med lønnstilskot** eller individuell moglegheit for fagutdanning med kvalifiseringsstønad eller lærlinglønn.
- **At NAV lokalt blir styrkt slik at dei kan prioritere tiltaka fagopplæring og lønnstilskot i samarbeid med ryddige arbeidsgjevarar og vidaregåande opplæring.**
- **At det blir greidd ut korleis tiltaka kan gjennomførast** innanfor ei omprioritering av løyvingane til arbeidsmarknadstiltak.
- **At Oslo kommune styrker innsatsen sin med traineeordning for personar med funksjonsnedsetting** og opprettar fleire arbeidsplassar i det ordinære arbeidslivet som er tilpassa personar med funksjonsnedsettingar.
- **At Oslo kommune vidareutviklar prosjekt for å sikre at fleire med funksjonsnedsettingar kjem i arbeid.**

Ny næringspolitikk

I møte med dei globale endringane som råkar Noreg, og behovet for grøn omstilling, trengst det ein aktiv næringspolitikk. Oslo kommune spelar ei viktig rolle som premissgjevar for næringslivet gjennom gode offentlege tenester og god kunnskapspolitikk. SV vil at kommunen aktivt skal legge til rette for ei variert næringsutvikling for å sikre dei noverande og framtidige arbeidsplassane i byen. Samtidig skal dette sjåast i ein naturleg samheng med den generelle byplanlegginga, som balanserer ulike interesser og fremmar eit variert tilbod, eit godt bumiljø og ein aktiv bruk av byen.

Eit inkluderande og variert næringsliv er viktig for samfunnet. SV vil jobbe for eit næringsliv som aktivt søker seg mot nye grønne løysingar som kan bidra til utsleppsreduksjonar. Det kan gjere næringslivet konkurransedyktig i ein marknad som etterspør grønne løysingar. Ein aktiv bustad- og byutviklingspolitikk skal reflektere behova til eksisterande bedrifter og bidra til å starte og drive nye bedrifter i Oslo. Ein tar vare på arbeidsplassane i byen ved å sikre at lokalt næringsliv er prioritert. Skal vi sikre velferda vår, må det skapast fleire jobbar i privat sektor som bidreg til verdiskapinga. Oslo må involvere partane i arbeidslivet og forsterke arenaer for samspel og dialog mellom næringsliv og forvaltning.

Det er viktig at det offentlege blir opplevd som relevant og moderne for at folk skal ha tillit til velferdsstaten. I ei verd der store multinasjonale selskap leverer tenester globalt og digitalt, er faren stor for at forskjellane mellom folk vil auke. Dei som har pengar, vil kunne kjøpe seg tenester der dei ònskjer, mens resten er avhengig av tilbodet frå det offentlege. Da vil også skatteviljen minke. Oslo si sentrale satsing på digitalisering, informasjonssikkerheit og oppbygging av kommunal kompetanse i heile organisasjonen må derfor halde fram, slik at kommunen ikkje berre blir ein bestillar av kommersielle løysingar. Teknologi gir store moglegheiter for det offentlege til å levere tenester til folk i det omfanget dei har krav på – når dei treng det – saumlaust og uavhengig av korleis det offentlege er organisert internt. Kommunale tenester skal leverast proaktivt, slik at innbyggjarane ikkje lenger skal måtte hanskast med kompliserte søknadsprosessar. Kommunen skal halde fram med å vere ein moderne og innovativ tenesteytar, og gjennom digitalisering skal han levere stadig betre tenester. Digitalisering av det offentlege er ikkje noko mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for å gjere tenestene til innbyggjarane betre og meir effektive.

Kommunen spelar også ei viktig rolle som eigar. Oslo kommune skal vere ein aktiv og framtidsretta eigar, og vurdere å auke eigardelen sin i samfunnsviktig infrastruktur. For å sikre eit godt offentleg eigarskap også i framtida skal kommunen sine eigarskapsprinsipp legge vekt på grøn og inkluderande vekst. For å oppnå større openheit om dei verdiane som kommunen eig og forvaltar, skal Oslo legge fram ei årleg eigarskapsmelding.

SV vil:

- **At kommunale tenester skal bli meir proaktive**, tilpassa kvar enkelt innbyggjar og dei behova han eller ho har, uavhengig av kven som har ansvaret.
- **At kommunen skal samarbeide med lokale leverandørar for å utvikle norsk IT-næring.**

- **Opprette næringsklynger flere stader i byen med vekt på framveksande sektorar og grønn teknologi.** Viss NRK flyttar frå Marienlyst, kan området vere ein av dei stadene som det er naturleg å vurdere, gjerne i kombinasjon med bustadutvikling. Nærleiken til universitets-, forskings- og teknologimiljøa på Blindern og i Gaustadbekkdalen kan gjere dette særleg aktuelt.
- Aktivt **bruke byutvikling og bustadpolitikk for å bevare mangfaldet i lokalt næringsliv,** samtidig som ein legg til rette for varetransport i bilfrie område.
- Greie ut moglegheita for eit **differensiert sertifiserings- og avgiftssystem for å premiere bedrifter som driv sosialt og miljømessig godt,** eller som etablerer nye arbeidsplassar i utsette byområde.
- **At Oslo kommune skal stille strenge miljø- og klimakrav** ved innkjøp for å fremme eit grønt skifte i næringslivet.
- **Forvalte eigarskapet til kommunen aktivt** og bruke det til å stimulere strategisk næringsutvikling.
- **Effektivisere kommunen gjennom digitalisering og kompetanseheving.** Frigjorte ressursar skal nyttast til å levere enda betre tenester blant anna til folk og til næringslivet.
- **Sikre offentleg styring og drift av viktig infrastruktur også i framtida,** blant anna Oslo hamn og andre kommunale føretak.
- **Skjerpe inn handhevinga av forbodet mot søndagsopne butikkar.**

Byutvikling

Byutviklinga skal ha som mål å gjere Oslo triveleg, miljøvennleg og rettferdig. Ho skal bidra til godt bumiljø, betre byliv, nærleik til rekreasjonsområde og arbeidsplassar. Kvardagen skal bli enklare for folk og transportbehovet mindre. Nærmiljøfunksjonar som skolar, barnehagar, lokalt kultur- og idrettstilbod, handel og tenester skal vere nær der folk bur, og det skal vere god tilgang til grønne lungar, parkdrag, torg og møteplassar. Det naturlege skal vere å gå, sykle eller reise kollektivt. Bylivet skal vere kortreist og nært. SV sitt mål er at heile byen skal ha reine vassdrag og gjennomgåande grøndrag.

Noko av det unike med Oslo er det at ein kan bu i ein storby og samtidig vere så nær store natur- og grøntområde. SV vil sikre naturmangfaldet og ta vare på kvaliteten på naturopplevingane i marka, i strandsona, i fjorden, langs by-vassdraga og i dei mange urbane grøntområda. Byen må utviklast slik at arealbehovet for parkering, transport av folk og varer blir redusert.

Vi ventar ein sterk vekst i folketalet, med ein aukande del eldre, og det vil gjere det enda vanskelegare å skaffe seg bustad. Dette vil gi press på bustadprisane og er ei miljøutfordring. SV vil legge til rette for auka bustadbygging og sikre at det blir bygd ulike bustader tilpassa ulike hushald.

SV vil at byplanlegginga aktivt skal motarbeide dei store levekårsforskjellane i Oslo. Oslo skal ha ei tett og godt planlagt by- og sentrumsutvikling til beste for innbyggerane i byen. Vekst skal skje etter planar vedtatt av dei folkevalde og etter folks behov, ikkje etter ønska til marknadskreftene.

God bruk av areala er med på å bevare fellesareal som leikeplassar, parkar og Osломarka når folketalet veks. Fortettinga skal gjerast på ein måte som sikrar god kvalitet, lysforhold, byrom og offentlege møteplassar. Estetiske kvalitetar skal krevjast i reguleringsplanane. Småhusplanen skal sikre varierte bumiljø. Fortetting skal i minst mogleg grad gå ut over eksisterande bumiljø.

SV vil:

- **Utvikle bysenter.** Utvikle ein senterstrategi for dei ytre bydelane der ein legg vekt på sosiale møteplassar og gode tilbod, og bidreg til at område rundt etablerte kjøpesenter blir opna mot busetnaden og gjort til naturlege møteplassar.
- **At det ikkje blir etablert nye store kjøpesenter.** Vi ønskjer ikkje enda meir kjøpesentrisering av byen.
- **At den vidare planlegginga av store arbeidsplassar blir organisert rundt banebasert kollektivtransport.** Vi vil legge til rette for ein blanda by der dei viktigaste tilboda skal kunne nåast på ti minutt i alle bydelar.
- **At byutviklinga skal baserast på kvalitet, gode byrom og bukvalitetar.** Naturområde, parkar, byrom og møteplassar mellom generasjonane, fritid og aktivitet innbyr til sosialt liv og betre helse. Såkalla fiendsleg byarkitektur (t.d. benker ein ikkje kan ligge på) skal fasast ut.
- **Syte for at bygging av nye område dekker behovet for gode uterom og sol- og dagslys og har ein anstendig bustadstandard.**
- **At bygardar og blokker utan balkongar som regel skal ha løyve til å oppføre slike.** Balkongar og bukvaliteten dei fører med seg må komme før fasadevern.

- **Ta vare på særpreget til byen.** Bevaring er god miljøpolitikk og gir sterkare identitetskjensle. Styrke kulturminnevernet og heilskaplege bygningsmiljø. Det bør sikrast tilstrekkeleg med parkar, byrom, møteplassar mellom generasjonar og for fritid og aktivitet, og grøntområde med universell utforming.
- **At områdeplanar og reguleringsplanar må ha reell bebuarmedverknad gjennom plansmier og innbyggarframlegg.**
- **At Gjertrud/Stensrud** ikkje skal byggast ut før banetransport er sikra.
- **Hovinbyen og Furuset skal framleis ha prioritet som utviklingsområde,** samtidig som Fjordbyen blir utvikla vidare med god tilgang til sjøen og fleire bademoglegheiter. Hovinbyen må bli eit satsingsområde for ein ny, sosial bustadpolitikk. Det må stillast krav gjennom utbyggingsavtalar med private utbyggarar til ein stor prosentdel bustadsosiale løysingar, i tillegg til at kommunen sjølv bør realisere bualternativ med sterk sosial profil. Oslo SV ønskjer ein strategi for bustadsosiale løysingar i Hovinbyen. Den «grøne ringen» i Hovinbyen må realiserast, og saman med eit godt utbygd kollektivtilbod og tilbod på offentlege tenester som barnehagar og skolar må dette komme på plass tidleg i utviklinga av området.
- **Nye bustader innanfor ring 2 skal byggast utan eigne parkeringsplassar,** med unntak av handikaplassar og eventuelle bildelingsplassar.
- **At fleire område må få soner med avgrensa biltrafikk** for eit betre byliv.
- **Sikre plassar for born å leike på.** Aktiv leik og aktivitet krev større plass enn det som hittil er avsett i dei nye byområda.
- **Gjere Oslo meir universelt utforma for å sikre at alle kan komme fram.**
- **Sette opp fleire sittebenker som kvile- og møteplassar.**
- **Syte for fleire offentlege toalett.** Det må leggjast sterkare til rette for allmenn tilgang til toalett.
- **Auke talet på parsellhagar og skolehagar.** Dei eksisterande kolonihagane i Oslo skal i løpet av få år forhandle om ny leigekontrakt med kommunen. Vi vil framskande dette, og sikre nye, langvarige kontraktar for kolonihagane.
- **At området rundt Akershus festning skal førast tilbake til byen og folket.** I dag er Akershus festning eit avsperra militært område. Kommunen skal jobbe for at staten startar ei utgreiing av saka slik at ei av dei mest spennande byutviklingsmoglegheitene kan realiserast.
- **Sikre allmenn sjøtilgang.** Større delar av Oslos strandsone må sikrast som rekreasjonsområde. Øyane skal vere tilgjengelege, og vidare utbygging skal hindrast.
- **Breiddene langs vassdraga i byen skal bevarast,** og fleire område langs elvane skal leggjast til rette som rekreasjonsområde. Kravet om at det ikkje bør byggast nærare enn 20 meter frå vasskanten må respekterast. I nokre tilfelle bør denne sona utvidast. Vasskvaliteten i fjorden og vassdraga skal betrast.
- **At Oslo sine ti hovudvassdrag i byggesona blir utvikla til blågrøne rekreasjonsområde** med grøntområde, badeplassar og turvegar i deira fulle lengd.
- **At Oslo skal kunne takle store nedbørsmengder utan** omfattande materielle skadar eller ureining. Avløpssystemet må tilpassast og vassdrag og bekker opnast att for naturleg å leie vatn og sikre miljøet langs vassdraga, og nye vass-speglar må etablerast. Kommunen sin strategi for overvasshandtering må følgjast opp.
- **Grå areal skal bli grønnare.** Betong- og asfaltflater som tidlegare var brukt til parkering og vegar må avgrensast og omgjerdast permanent eller mellombels til for eksempel parkar, grønne byrom, leikeplassar eller sykkelvegar.
- **Etablere naturbasar** for barnehagar og skolar i Marka.
- **Redusere reklameeksponering,** spesielt ved barnehagar og skolar.
- **Arbeide for nasjonalpark i Østmarka.**
- **Bevare markagrensa.** Ein viktig verdi ved Osloområdet er at det er eit stort naturområde.

- **Sette av kommunale parkeringsplassar over heile byen til bildelingsbilar.** Prioriterte område bør vere ved knutepunkt og i område med mange bustader.
- **Sikre at flest mogleg kan utnytte fjorden gjennom å legge til rette for bruk av kajakkar, roing og småbåtar.**
- **At alle nye kommunale bygg skal vurderast bygd med plusshus-standard.**
- **Ved ombygging av området ved den nedre delen av Akerselva bør Akerselva gjenopnast for innbyggjarane,** slik at trafikkbelastninga frå Bjørvika og inn i bustadområde på Grønland og Tøyen blir redusert.
- **Arbeide for at NRK blir flytta til Groruddalen.** Dersom NRK blir flytta, skal ein finne ei lokalisering ved eit kollektivknutepunkt på austkanten med god tilgang til bane.
- **Sikre ein trygg by gjennom førebygging:** Sikre at det er god kapasitet til oppfølging av samfunnssikkerheits- og førebyggingsarbeid ved Beredskapsetaten og andre verksemder. Sikre godt samarbeid med naudetatane om gode framkomstforhold for køyretøya deira i byen.

Idrett og friluftsliv

Fysisk aktivitet i form av idrett og friluftsliv er viktige bidrag til ei god folkehelse og livskvalitet. Plasseringa mellom Marka og fjorden gjer Oslo til ein unik hovudstad med rik tilgang til friluftsliv og naturopplevingar for heile folket.

SV sitt mål er at alle skal ha høve til å utøve ei eller anna form for fysisk aktivitet i kvardagen uavhengig av økonomisk bakgrunn, klassetilhørsle, alder og funksjonsnivå. Både den organiserte idretten og sjølvorganiserte aktivitetar bidreg til dette. SV vil styrke den organiserte idretten og friluftslivet og gjere det enklare å vere fysisk aktiv også i eigen regi. Det er eit mål at fleire skal drive fysisk aktivitet. SV meiner at hovudformålet med barne- og ungdomsidretten er å legge til rette og gjennomføre aktivitetsopplegg som fører til at born og unge får lyst til å drive idrett og fysisk aktivitet generelt og tileignar seg ei rørsleerfaring som også gjer ein framtidig idrettskarriere mogleg. Idretts- og friluftslivsrørsla har ei viktig rolle i norsk frivilligheit og er ein viktig del av livet og identiteten til mange menneske.

SV vil auke aktivitetstilskota til dei frivillige friluftslivsorganisasjonane og frivilligsentralane for å etablere lågterskeltilbod til folket.

SV vil at det først og fremst er kommunen som skal bygge og eige idretts- og friluftslivsanlegg. Når nye skolar blir bygd, vil SV at det samtidig skal byggast fleirbrukshall og andre anlegg i tilknytning til skolane der det er behov i området. SV vil auke og utvikle samarbeidet mellom idretten, friluftslivet og skolen, medrekna AKS, og utvide samarbeidet om folkehelseprosjekt. SV meiner at skolane er viktige fleirbruksarenaer for frivillige organisasjonar og meiner at utleiga skal vere gratis.

Idrett

Organisert idrett for born, ungdom og vaksne er svært viktig for folkehelsa. SV vil styrke den organiserte idretten og frivillige organisasjonar gjennom aktiv politikk i samarbeid med idretten sine organ.

Oslo er det fylket i landet som har dårlegast anleggsdekning, dårlegare enn i andre store byar i Noreg. SV går derfor inn for å realisere ei rekke idrettsanlegg.

SV vil bidra til å førebygge diskriminering i idrettsmiljøet og arbeide for eit idrettstilbod der alle kan delta. Gjennom styrkte tilskotsordningar for klubbane skal idrettslag og foreiningar kunne gjennomføre tiltak for betre inkludering.

SV vil at alle skal ha tilgang på tilbod om organisert idrett. Det krev at kostnadene i ulike idrettsgreiner må vere så låge at dei ikkje ekskluderer nokon.

Sjølv der idrettstilbodet for ungdom er bra, er samtidig fråfallet stort når ungdommen når 15–16-årsalderen, og det er høge tersklar for å begynne med nye aktivitetar. Det kan ha samanheng med at ambisjonsnivået i enkelte idrettsgreiner er for høgt til å passe for alle. Idrettslaga bør etablere lågterskeltilbod for born og ungdom som verken ønskjer å spesialisere seg eller satse i konkurranseidretten. Dette er tilbod for dei som ønskjer trening og treningsglede.

Å kunne svømme er ei basisferdigheit som er gøy og som bergar liv. Ungdom i Oslo har dårlegare svømmeferdigheiter enn i resten av landet. Det tar frå dei eit gjevande badeliv, men er også farleg. SV vil at alle born skal lære å svømme, og at bada skal vere tilgjengelege for alle. God svømmeopplæring, særleg for born og unge, må prioriterast. SV meiner at det må byggast fleire svømmehaller, at Oslo-bada må driftast av kommunen, og at inngangskorta bør bli billegare.

For å redusere klasseskilje og sikre at alle born og unge får delta uavhengig av inntekta til foreldra, vil SV stø ei forsøksordning for å dekke deltakaravgifter for born og unge frå utsette grupper.

SV vil at idrettslaga skal sikrast økonomi som gjer det mogleg for leiarar og trenarar å konsentrere seg om å bruke fritida til å skape gode idrettstilbod.

SV vil:

- **Prioritere breiddeidretten**, og meiner at områda med lågast dekning av anlegg skal komme først. Vidare skal område med stor tilvekst av born og unge og område med fattigdom og sosiale utfordringar prioriterast.
- **Ruste opp eksisterande idrettsanlegg og bygge nye.** Prioritere bygging av fleirbrukshaller, kunstgrasbanar, innandørs- og utandørs kunstisflater og skianlegg med snøproduksjonsanlegg og rulleskitrasear. Utbygging av idrettsanlegg må gjerast i nært samarbeid med idretten sjølv.
- **At alle skoleborn skal ha minst 40 timar svømmeundervisning**, og at alle skolar skal ha tilgang til svømmehall.
- **Greie ut kor i byen det er størst behov for å bygge nye bad** utover dei kommunen har sett i gang planlegging av.
- **Ha romslege opningstider og lågare, subsidierte prisar** i svømmeanlegga.
- **Bygge om Frognerbadet til heilårsbad** om det er mogleg.
- **Etablere eit saltvassbad i Oslo og eit varmtvassbasseng med minimum 34 gradar** der målgruppa er personar med funksjonsnedsettingar og kroniske lidningar.
- **Rive Tøyenbadet og bygge nytt sentralbad** med både inne- og utebasseng og fleirbrukshall i same bygg. **Ruste opp Holmlia bad og bygge nye bad på Stovner og Manglerud.** Planlegge nytt bad i Oslo vest og Oslo sør.
- **At kommunen legg press på eigarane av Sagene bad** slik at badet kan opnast for innbyggjarane i byen.
- At kommunen legg til rette for **flytande badeanlegg og badstover** på høvelege område langs hamnepromenade.
- **Etablere småskalaanlegg** som friplassar, klatrevegger og skateramper.
- Knytte skiskolar til aktivitetsskolen og **gjennomføre skiskole som ein del av gratistilbodet.** Det same gjeld svømming og annan fysisk aktivitet.
- **Styrke tiltak for fysisk aktivitet blant eldre.**
- **Ha ein gjennomgang av brukarbetaling** i alle idrettslag som får støtte frå kommunen i form av tilskot eller tilgang til idrettsanlegg.

- Auke det økonomiske tilskotet til **idretten sitt arbeid for å styrke idrettslag i område med fattigdom og sosiale utfordringar.**
- **At kommunen der det er naturleg stiller som vilkår for kommunale løyvingar** (t.d. til idrettsorganisasjonar) at deltakaravgifter m.m. har ein sosial profil.
- **Gjere det billegare og enklare å vere fysisk aktiv.** Alle bydelar skal ha lokale utlånslager av idrettsutstyr.
- Arbeide for ordningar som gjer at born frå låginntektsfamiliar også får delta på fritidsaktivitetar på lik line med andre born.
- **Tilby gratis aktivitetsveker i sommarferien** arrangert av kommunen i samarbeid med frivillige organisasjonar der born og unge kan prøve ut ulike idrettar og friluftaktivitetar.
- **Vurdere å bygge ein cricketbane med tribunar på Furuset,** til dømes ved Stubberudmyra / Furuset Tennis.

Friluftsliv

Oslo natur gir ulike moglegheiter for friluftsliv med store område særleg i Marka og ved fjorden. Marka er omfatta av markalova, der formålet med lova er å fremme og legge til rette for friluftsliv, naturoppleving og idrett. Lova skal sikre grensene til Marka og bevare eit rikt og variert landskap og natur- og kulturmiljø med kulturminne.

Naturopplevingar er ein viktig del av friluftslivet. Derfor meiner SV at det er avgjerande å ta vare på den rike naturen, som er sjølve grunnlaget for friluftslivet. Friluftslivsaktivitetar må utførast på ein slik måte at naturområda og mangfaldet deira ikkje blir truga.

SV vil at fleire skal drive friluftsliv i kommunen sine grøntområde i byen, ved fjorden, på øyane og i Marka. Dette fører til auka behov for vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av ny infrastruktur som turveggar, stiar, markastover, toalett m.m.

Den blågrøne strukturen i byggesona, som omfattar bl.a. parkar, friområde og turveggar, skal leggest til rette for å stimulere til aktivitet i nærleiken av der folk bur. Kort avstand er ein føresetnad for hyppig bruk og ein meir aktiv kvardag.

Ingen bør ha meir enn 250 meter til eit mindre grøntområde i indre by eller meir enn 500 meter til eit større grøntområde i indre og ytre by.

SV vil at Oslo skal få eit samanhengande turvegnett med levande grøntkorridorar. Turvegane i byen, langs kysten, på øyane og i Marka gir moglegheiter for sjølvorganiserte turar/lågterskelaktivitet. Målet er eit samanhengande turvegnett innan 2025.

Turvegane følgjer fleire stader vassdraga i byen frå Marka til fjorden, og bind på denne måten saman større turområde. Samanhengande grøntkorridorar vil òg styrke det biologiske mangfaldet i byen.

Oslo har ti vassdrag i byggesona, men framleis er vel 25 % av dei ti hovudvassdraga lukka. På lange strekningar manglar det tilfredsstillande turveggar.

SV vil intensivere arbeidet med å gi Alnaelva fritt løp og gjere elva tilgjengeleg frå Grorud til Bjørvika. For å få fortgang i gjenopning av lukka elve- og bekkestrekningar og for utbygging av parkområde og turvegnett langs elvane, meiner SV at det er nødvendig med ein politisk handlingsplan innan 2020.

SV meiner det generelt må bli enklare å oppdage og komme seg til friluftsområde. Betre skilting, merking og informasjonstavler på utvalde stader, t.d. kollektivknutepunkt, skal gi informasjon om kva for friluftsmoglegheiter som finst i Oslo. Samtidig opnar ny teknologi for spennande måtar å informere på, blant anna i samarbeid med frivillige organisasjonar og næringsliv. SV vil legge til rette slik at folk kjem seg til friluftsområda til fots, på ski, på sykkel og med kollektivtransport.

Badeområdet på Sørenga i Bjørvika har vore ein suksess, og folk strøymer til vasskanten for å slappe av, bade eller trene. Heile året. Samtidig viser tilstrøyminga av folk at behovet for friområde i den tettbygde byen er stort. Folketalsveksten vil legge enda meir press på dei eksisterande friområda. SV ønskjer derfor å legge til rette for større friområde tilrettelagt for rekreasjon, parkliv, leik for born og bading. SV vil at områda sør for Operaen, kjent som Sukkerbiten og Bjørvika-utstikkaren, blir regulert til friområde til glede for folk i byen. Flytande badeanlegg og badstover kan tillatast, men utbygging utover tilhøyrande servicebygg som kafear og sanitæranlegg bør ikkje tillatast.

SV vil:

- At Oslo skal få **eit samanhengande turvegnett** med grøntkorridorar.
- Utarbeide ein politisk handlingsplan som skal sikre **gjenopning av lukka elve- og bekkestrekningar** og utbygging av parkområde og turvegnett langs elvane.
- **Etablere rundløyper som er lett tilgjengelege** og godt merkte i nærområda der folk bur.
- **Styrke kollektivtilbodet til sentrale innfartsportar til Marka** som Skansebakken i Sørkedalen, Skar i Maridalen og Solemskogen med hyppigare bussavgangar i helgane gjennom heile året.
- **Prioritere auka vedlikehald og tilrettelegging** for å bevare og styrke Oslos blågrøne struktur (i byen, langs fjorden og langs elvar og bekker, på øyane og i Marka). Tilgang til gode friluftslivsområde og opparbeiding av eit tydeleg samanhengande turvegnett mellom byggesona og Marka skal prioriterast for å stimulere til aktivitet i nærleiken av der folk bur.
- **Styrke** og vedlikehalde **nettverket av stiar, løyper og sykkelveggar** i Marka.
- Vedlikehalde og **opparbeide turvegnettet** i byen.
- **Ruste opp badestrendene** og etablere nye folkebad i Oslofjorden.
- **Auke aktivitetstilskota til dei frivillige friluftslivsorganisasjonane** for å etablere lågterskeltilbod til innbygarane.
- **Bygge ut sykkelfelt i bygatene** og forsere bygginga av ny sykkelinfrastruktur.
- **Fullføre kyststien** langs sjøkanten.
- **Etablere fleire småbåthamner** og anlegg for kajakk og kano.
- **Etablere fleire parkar og utandørs treningsanlegg** i parkane.
- **Stimulere til aktivitet** i samarbeid med idrettslag og foreningar bl.a. gjennom å legge til rette for turorientering, stolpejakt m.m.
- **Ha auka tilrettelegging i markaområde for Oslo aust**, bl.a. utvikle og legge til rette Grønmo miljø- og friluftspark, som kan bli ei unik moglegheit for folket i Oslo søraust, og etablere trillesti til Grønlihytta i Groruddalen.
- Vurdere å utarbeide ein **plan for fleirbruken av fjorden i tilknytning til Oslo**.

Ein ambisiøs kulturby

Oslo skal vere ein by med forståing for kunsten og kulturen si rolle i samfunnet. Kunst og kultur skal tenkast inn i alle planar vi har for byutviklinga. Byen skal ha store ambisjonar og gi befolkninga det rikaste tilbodet i landet.

Vi skal ha ein kulturpolitikk for å sikre mangfald, men også for å ta vare på kulturarv, bygningar og tradisjonar. Innanfor kulturpolitikken skal det òg vere rikeleg med plass for sjølvrefleksjon, diskusjon og debatt. Kultur handlar om ytringar. Kulturpolitikken skal sikre ei offentlegheit, at det finst eit breitt offentleg ordskifte både for den enkelte og for samfunnet. Kulturpolitikken skal sikre deltaking og engasjement i ein samfunnsdebatt som her må forståast vidast mogleg.

Kunstopolitikken skal sikre den delen av kulturen som handlar om å utforske grensene for kulturen. Kunst handlar om uttrykket sjølv, om prestasjon og kvalitet. Kunsten utfordrar sjølvforståinga – han skal kunne vere undergravande og motstraums. Det at kunsten utfordrar kulturen, gjer at vi treng offentlege løyvingar til kunstfeltet. Vi kan ikkje sjå for oss at marknaden etterspør eksistensielle og samfunnsmessige utfordringar.

Oslo skal bli ein av dei byane i Europa der det blir satsa stort og målretta på kunst- og kulturlivet. Kommunen skal ha ei aktiv satsing i tillegg til alle dei statlege institusjonane som finst, og følgje opp med utbygging når byen veks. Særleg må kommunen ta seg av det lokale kulturlivet og ha eit særleg ansvar for eit mangfaldig og inkluderande kulturliv.

Kunst- og kulturopplevingar er ikkje tilgjengelege for alle. Klasse, økonomi og tradisjonar avgjer i mange tilfelle om den enkelte tar i bruk den store breidda av aktivitetar og tilbod som det offentleg finansierte kulturlivet gir. Oslo kulturskole har lågare dekningsgrad enn dei aller fleste kommunar i landet, og lærarane har for lite tid pr. elev. Oslo kommune skal syte for ei kommunal kulturundervisning som alle kan ha råd til.

Kulturlivet er under sterkt press frå kommersielle krefter som ønskjer å gjere mest mogleg av folks fritid og interesser om til konsum. Dette er øydeleggande for ønsket om mangfald i uttrykk og tradisjonar.

Demokratiet føreset eit breitt ordskifte der alle slags ytringar kjem fram. Det offentlege ordskiftet er under press i og med at dei tradisjonelle mediebedriftene har redusert verksemda si. Dette går ut over moglegheita til å ha ein reflektert og opplyst samfunnsdebatt.

Oslo har mange store kunst- og kulturinstitusjonar lokalisert i byen, og mange av dei er statlege. Oslo, som både er kommune og fylkeskommune, er i nokre tilfelle gratispassasjer i kulturpolitikken. Vi må ta eit større ansvar for kulturpolitikken. Kommunen og staten bør finne fram til ei ansvarsfordeling som syter for at Oslo oppfyller pliktene sine her. Satsingane bør vere målretta og følgje ein plan. SV heiar på ei utvikling som fremmar engasjement og deltaking. Vi vil styrke satsinga på kulturpolitikk for born og unge, for kunnskap og debatt. Vi ønskjer å bruke kulturpolitikken i

integreringspolitikken, vi ønsker å bruke kulturpolitikken aktivt i eldre- og seniorpolitikken, og vi ønsker å arbeide for ei Oslo-offentlegheit.

SV vil:

- **Auke kapasiteten i Oslo kommunale kulturskole med 4000 plassar** til om lag 10500 i løpet av bystyreperioden, og syte for at tidsressurs pr. elev ikkje er mindre enn 30 minutt i veka. På sikt skal alle som ønsker det, få ein plass.
- **Arbeide for ordningar, t.d. kulturkort, som gjer at born frå låginntektsfamiliar** også får oppleve kulturtilboda på lik line med andre born. Det gjeld òg Oslo kulturskole.
- **Syte for fleire pilotprosjekt med samarbeid mellom Oslo kulturskole og AKS.**
- **Gi skolane auka midlar til å oppsøke kulturinstitusjonane i byen.** Ruter skal tilby gratis kollektivreiser utanom rushtida for skoleelevar som skal på slike besøk.
- **At kvar bydel skal ha ein kulturstasjon** med forhold som tilfredstiller Oslo kulturskole sin kravspesifikasjon.
- **Bevare og styrke juniorklubbar, ungdomsklubbar, fritidsklubbar og andre møtestader for ungdom** med relevante sosiale og kulturelle aktivitetar og grupper. Utvide tilbodet til ungdom over 18 år og arbeide for fleire klubbar i kvar bydel.
- **Satse på Deichmanske bibliotek.** Det nye hovudbiblioteket gir eit etterlengta løft. SV vil òg bevare og vidareutvikle filialane og syte for at alle bibliotek er meiropane (opne utanfor ordinær arbeidstid og på søndagar, men da ofte utan bibliotekarar). Nye filialar må byggast i takt med bustadutbygging.
- I samarbeid med institusjonar og organisasjonar i Oslo **skape eit kulturtilbod for eldre på dagtid** med framsyningar, konsertar, museumsbesøk, foredrag osv. med transport.
- Arbeide aktivt for, i samarbeid med staten, at **Oslo filharmoniske orkester får tenlege lokale.**
- **Tilby rimelege lokale med langsiktige leigekontraktar for profesjonelle kunstnarar og frivillig kulturaktivitet** som korps, orkester, kor og band. Syte for at skolane er opne som lokale kulturarenaer på kveldstid og i helgane.
- **Nye skolar skal byggast med aula/teatersal** med akseptabel infrastruktur som blending og straumforsyning.
- **At kommunen jobbar for å skaffe øvingslokale.**
- At kommunen har **ein handlingsplan for å styrke korps og kor** i byen.
- Sette av **midlar til utandørskonsertar ulike stader i byen** i tidlegare biltrafikkerte område som ein del av bilfritt byliv.
- **Etablere eit eige program for skulptur og installasjon i dei same områda.**
- **Auke den økonomiske støtta til Melahuset** for vidareutvikling av eit internasjonalt kulturhus.
- **Arbeide for styrking og auka finansiering av Samisk Hus** – eit kultursenter for samane i Oslo og ein stad der heile Oslos befolkning, og tilreisande, kan bli kjent med alt det den samiske kulturen har å tilby.
- **At behovet for møteplass, visnings- og konsertlokale i bydel Søndre Nordstrand og fleire andre bydelar i ytre by får ei løysing.** Kommunen bør prøve å skaffe slike lokalitetar.
- **At alle barne- og ungdomsorganisasjonar skal ha høve til å låne lokale til møte og arrangement.**
- **Vurdere bygging av kino i Groruddalen.**

Ein eldrevennleg by

Oslo vil i åra framover få ein aukande prosentdel eldre. Dei fleste er friske og aktive lenger enn før, og mange er ein viktig ressurs i samfunnet. Å bu i eigen heim, sjølvstende, å ha ei sosial tilhøyrse og å meistre kvardagen er viktig for å ha eit meningsfullt liv.

Oslo skal vere ein tilgjengeleg by med varierte bumoglegheiter og tilgang til stimulerande byrom, kultur, friluftsliv og møteplassar. Oslo er i ferd med å bli ein meir eldrevennleg by, også for demente, og det må vidareutviklast. Gode tiltak i enkelte bydelar må raskt komme heile folket til gode. Dei eldre sine ressursar er til nytte gjennom meistring, frivilligheit og generasjonsmøte. Forskjellar i levekår skal reduserast ved at tenester og omsorg til dei som treng det mest, blir styrkt.

Bustad og nærmiljø

Mange bustader høver dårleg for eldre. Isolasjon og einsemd er dessutan utbreidd når nettverket blir redusert og det er problem med å komme seg ut eller nytte kollektivtransport.

Mange eldre blir buande for lenge åleine i lite formålstenlege bustader. Kommunen bør bidra med finansieringsløyisingar og rettleiing for å hjelpe eldre til å flytte til aldersvennlege bustader.

SV vil:

- **Jobbe for å avgrense profitt i velferda**, og la kommunen eller ideelle aktørar ta over drifta når kontraktar om sjukeheimsdrift går ut.
- Legge til rette for at eldre kan **bu heime og halde på eit aktivt og sjølvstendig liv**, gjennom universelt utforma omgjevnader og utbetring av eksisterande bustadmasse med bl.a. heis.
- Rehabiliterer eller erstatter lite formålstenlege sjukeheimar og omsorgsbustader med eit **differensiert tilbod som kan svare til eit større spenn i funksjonsevne**, og med interiør med heimleg atmosfære.
- **Bidra til bygging av fleire omsorgsbustader, med omsorg i alle bydelar, bufelleskap for menneske med demens, eldrekollektiv og fleirgenerasjonsbustader**, som skaper møteplassar og fremmar kontakt, også med innbyggjarane i nærmiljøet. Prioritere slike løyisingar der bustadmassen høver dårleg for eldre.
- At parkar, gater og torg skal vere **oversiktlege, godt opplyst, tydeleg skilta og vedlikehaldne**, og skikkeleg moka og strødd om vinteren.
- Vektlegge behova til dei eldre i ein **strategi for gåing i transportpolitikken**.
- **Legge til rette for at eldre kan utvikle nye sosiale nettverk**.
- **Halde fram med å legge til rette for betre mat på institusjonar i kommunen**, og da òg greie ut korleis måltid kan utviklast som gode sosiale møtepunkt.
- **Sjukeheimsbebuarar må få tilbod om aktivitetar basert på eigne behov og ønske**.

Omsorg

Mangel på innverknad på eigen livssituasjon er eit problem for dei som treng hjelp. Med eit aukande tal eldre aukar også talet på personar med kognitiv svikt og demens. Det er ei stor påkjenning både for dei som blir råka og for dei pårørande. Rigide og byråkratiske system og for liten kompetanse og kapasitet hindrar individuelt tilpassa løysingar. Det kan opplevast som ei ekstra belastning for dei som har hjelpebehov og familieane deira.

SV vil:

- **Tilby føreseielege og tilstrekkelege heimetenester til alle som treng det.** Etablere fleirfaglege kommunale og ideelle tenester der faste faggrupper følgjer den enkelte godt opp.
- Etablere **betre samhandling mellom fastlege, sjukehus og heimebaserte tenester.**
- **Vidareutvikle tillitsreforma** som bidreg til meir sjølvbestemming og fleksibilitet for dei som mottar tenester, og betre utnytting av kompetansen til fagpersonane.
- **Ta i bruk velferdsteknologi og GPS,** som gir ein tryggare og enklare kvardag.
- **Styrke kompetanse og tilbod om rett ernæring.** Minst éin klinisk ernæringsfysiolog i kvar bydel som hjelper heimetenestene, og betre moglegheit for tillaging av måltid på institusjonar.
- **Styrke tilbodet til menneske med demens og avlastning for dei pårørande,** med ulike dagtilbod, nattplassar og fleire avlastningsopphald.
- **Gjennomgå bemanningsmåla for sjukeheimar** for å oppnå eit tilfredsstillande nivå. Syte for god fagkompetanse, differensierte tilbod og tilrettelegging for sårbare grupper i institusjonar for eldre.
- **Utvide miljø- og kulturtiltak og syte for friluftstilbod** til institusjonsbebruarane.
- At stillingar i heimetenesta, omsorgsbustader og sjukeheimar så langt råd **skal vere heile og faste,** med tryggleik for dei som mottar tenester, dei pårørande og dei tilsette.
- Styrke og utvikle **tilsyn for å følgje opp heimetenesta og institusjonane.**
- **At bydelane ved ei eventuell bydelsreform skal drive** både heimeteneste og sjukeheimar.

Redusere ulikskapar

I Oslo er classeskiljet tydeleg i den eldre delen av folket, og ulikskapen i levkår og helseutfordringar er stor mellom bydelane. Mangel på digital kompetanse kan skape barrierar og gjere kvardagen vanskeleg. Behova for tiltak vil derfor vere ulike, både i omfang og i innhald. Stigmatisering og diskriminering er noko også eldre opplever. Eldre i minoritetsgrupper kan ha spesielle utfordringar som må takast omsyn til. Det same gjeld for eldre LHBT-personar.

SV vil:

- **Opprette lokale informasjons- og rådgjevingstenester** i alle bydelar om bustad, velferdsteknologi, digitale utfordringar, hjelpemiddel, transport, helsetenester, kvardagsmeistring og aktivitets- og kulturtilbod.
- **Prioritere økonomiske ressursar til førebyggjande og helsefremmande tiltak** i dei områda i byen som har størst utfordringar.

- Arbeide for å **hindre vald mot og diskriminering av eldre** generelt og i ulike minoritetsgrupper gjennom å heve kompetanse og senke terskelen for å varsle.
- Fjerne ulikskapar i bemanning, kompetanse og saksbehandling gjennom **systematisk innføring av beste praksis**.
- **Styrke lønns- og pensjonsforholda for dei tilsette**, blant anna ved å overføre kommersielt drivne sjukeheimar til kommunal eller ideell drift.

Deltaking

Sosial tilhøyrslø, og det å halde ved like kontaktar og interesser og etablere nye, er viktig for ein god alderdom. Mange eldre opplever at tap av relasjonar og funksjonar fører til einsemd og isolasjon. Ikkje alle har kunnskap, økonomi eller eigne ressursar til å motverke dette. Omgjevnader og bygningar må ha universell utforming for å redusere unødige hindringar, og det må leggast til rette for at eldre kan delta i aktivitetar og ha eit sosialt miljø. Ved slike tiltak må dei prioriterast som treng det mest.

Kulturelle aktivitetar er med på å styrke livskvalitet og mental helse i alderdommen og motverke einsemd. Museumstilbod under den kulturelle spaserstokken bør byggast ut, særleg dei kulturhistoriske musea og organisasjonane i det frivillige kulturminnevernet. For mange eldre er dette møtestader som byr på opplevingar, sosialt samvær og moglegheita til å bety noko for andre og fylle kvardagen med meningsfylte syslar.

SV vil:

- **Legge til rette for at eldre kan ta del i kulturlivet i byen**, både som publikum, aktive deltakarar og frivillige.
- **Styrke kommunalt samarbeid med frivillige organisasjonar og fremme samarbeid mellom organisasjonane innbyrdes**.
- Syte for **trygge vinterveggar og fortau, og tilrettelagt kollektivtransport**. Avstanden mellom kollektivhaldeplassar kan ikkje aukast utan behovskartlegging i samråd med organisasjonar for eldre, funksjonshemma o.l.
- Utvikle og auke kommunal **støtte til møteplassar, eldre- og demensvennlege bibliotek, lokale eldresenter med ulike profilar, og kulturpolitikk som fremmar integrering** og tar omsyn til ulike grupper sine behov.
- **Auke talet på fritidsreiser til TT-brukarar over 67 år**.
- **Utvide prøveordninga med Ruters aldersvennlege transport** i Nordre Aker (Rosa bussar) til ei fast ordning i alle bydelar.
- **Sikre at den enkelte kan få betre kontroll over den praktiske hjelpa han eller ho mottar**, avhengig av ønske og behov den dagen.
- **Bruke kultur, og særleg song og musikk, for å skape engasjement og tilhøyrslø** blant eldre i institusjon, blant anna gjennom å styrke den kulturelle spaserstokken og tilsette fleire musikkterapeutar.

Ein feministisk by

Oslo skal vere ein by der alle har like moglegheiter, uavhengig av kjønn og kjønnsidentitet.

Samfunnet er framleis prega av maktforskjellar mellom kvinner og menn. Kvinner tener mindre enn menn, eig mindre enn menn og er underrepresentert i maktposisjonar. Altfor mange kvinner opplever Oslo som utrygt.

SV er eit feministisk parti, derfor har det vore og er svært viktig for SV å motverke den skeive fordelinga mellom kvinner og menn. Rimelege offentlege tenester som kollektivtransport, barnehagar, aktivitetsskole og gode heimhjelpstenester gjer det mogleg for kvinner å delta i arbeidslivet, vere økonomisk uavhengige og samtidig få kvardagen til å henge saman. Trygge og tilgjengelege hjelpetiltak gjer at kvinner søker hjelp mot vald og overgrep. Betre seksualundervisning og helsetilbod legg til rette for ein sunnare og friare oppvekst for alle kjønn. Gode velferdstenester er også god kvinnepolitikk.

Sterke kvinneorganisasjonar er viktige for å få til meir feministisk politikk i Oslo. Organisasjonane utviklar blant anna ny politikk, arrangerer 8. mars-toget og demonstrasjonar for kvinners rettar, og står kvinner i å delta i den offentlege debatten. SV vil bygge vidare på kompetansen og engasjementet i kvinnerørsla.

SV vil:

- **Styrke kvinneorganisasjonane** gjennom varige tilskotsordningar ved å vidareføre kvinnepotten i budsjettet.

Oslo som feministisk arbeidsgjevar

Som den største arbeidsgjevaren i byen har Oslo kommune eit særleg ansvar for å fremme likestilling på arbeidsplassen. Med SV i byråd har arbeidet for eit likestilt arbeidsliv med faste og heile stillingar, tillitsreform og profittfri velferd vore ein prioritet.

SV ønskjer å halde fram arbeidet for eit likestilt arbeidsliv, blant anna med rett til heiltid, høgare lønn til lågtlønnte og retten til eit arbeidsliv fritt for trakassering.

SV vil:

- I samarbeid med partane i arbeidslivet **finne tiltak for likelønn og mot låglønn** i samband med lønnsoppgjera.
- **Innføre forsøk med 6-timarsdagen** på utvalde arbeidsplassar i kommunen.
- At Oslo kommune i kommande tariffoppgjer **prioriterer likelønn i verksemdene til kommunen**, blant anna gjennom å vurdere likelønnsnett.

- **At alle skal ha rett til heiltid i Oslo kommune**, og at nye stillingar i heimetenesta som hovudregel skal utlysast som heile og faste stillingar. Samordne sjukeheimane til kommunen slik at sjukehuslegestillingane blir utlyst som heiltidsstillingar.
- **At kommunen skal ha gode rutinar for varsling om trakassering, vald og overgrep**, og at varslarane skal få eit styrkt vern.
- Jobbe for at **Oslo kommune skal bli ei sone fri for trakassering, vald og overgrep**, og tilby førebyggjande kursing og kompetanseheving for dei tilsette i kommunen.
- **At kommunen skal bruke kjønnskvoltering for å sikre likestilling**, og at kommunen kan bruke radikal kjønnskvoltering der det trengst.
- Jobbe for at NAV og andre tenester som arbeider med kvinner med innvandringsbakgrunn, arbeider med utgangspunkt i beste praksis for å **hjelp flest mogleg kvinner til å skaffe seg eiga, langsiktig og stabil inntekt**.
- **Styrke informasjonen til aupairjenter** om rettane i au pair-ordninga og rettane dei har som kvinner i Noreg.

Kampen for kvinnekroppen

Oslo skal vere ein trygg by for alle å ferdast i, og det skal vere ein by fri for diskriminering og trakassering. Alle born og unge i Oslo-skolen skal sikrast god og kunnskapsbasert seksualitetsundervisning. Her skal førestillingar om idealkroppar brytast ned, og det skal gjevast god informasjon til dei unge om rettar, om å sette grenser og respektere grenser. Vi skal dyrke mangfald, sjølvaksept og tryggleik.

SV vil:

- **At seksualundervisninga i skolen skal handle om kjønn og mangfald, om lyst**, men òg om maktbalansen i seksuelle relasjonar, grensesetting, respekt, og om kor viktig det er med aktivt samtykke.
- **At alle Oslo-skolar skal ha ein lærar med definert ansvar for seksualundervisninga**. Skolane bør gjennomføre læringsopplegg om kjønn, identitet og grensesetting.
- **Syte for at elevar i Oslo-skolen blir skjerma for nettporno på skolen sine einingar** ved å innføre eit filter.
- **Yte støtte til organisasjonar som arbeider med kvinnerettar og reproduktiv helse**.
- **Utvide ordninga med gratis prevensjon for kvinner under 26 til å gjelde heile Oslo**.
- **Styrke informasjon om prevensjon og moglegheiter til minoritetskvinner**, og utvide ordninga med utdeling av gratis langtidsverkande prevensjon.
- **Tilby gratis HPV-vaksine til alle under 30 år**.
- **Avgrænse reklame i det offentlege rom** ved å innføre reklamefrie soner, og forby seksualisert og kvinneundertrykkande reklame på kommunale areal og reklameflater.

Fridom frå vald og tvang

Alle menneske har rett til eit trygt og fritt liv utan å bli utsett for vald. Det inkluderer fridom frå vald, valdtekt, seksuell trakassering og negativ sosial kontroll. SV vil prioritere førebygging og godt fungerande hjelpetiltak, slik at alle kvinner kan leve i fridom frå vald og tvang.

Menns vald mot kvinner er eit folkehelseproblem. Mykje av valden som råkar kvinner, skjer i heimen og i nære relasjonar. Kvinner er også meir utsett for seksualisert vald og trakassering i det offentlege rommet, og dei fleste som lever i prostitusjon, er kvinner.

SV vil:

- **Bruke Politirådet til å løfte arbeidet mot valdtekt og partnervald**, spreie erfaringane frå prosjekt November og utvikle dette prosjektet vidare.
- **Styrke kunnskapen om valdtekt og vald mot kvinner** hos politi, rettsvesen, NAV og politikarar.
- **At kunnskapen og medvitet om overgrepsmottaket i Oslo skal spreiest blant unge.**
- **Ha betre lysforhold i Oslos gater og parkar.**
- **Gi kvinner tilbod om trygge, kommunale overgangsbustader etter opphald på krisesenter.**
- **Yte støtte minst på dagens nivå til krisesentertilbod og organisasjonar** som gir støtte og hjelp til personar som har vore utsett for valdtekt, vald eller overgrep.
- **Arbeide for at politiet prioriterer handheving av sexkjøpslova.**
- **Styrke exit-programmet for menneske i prostitusjon** som blant anna gir tilbod om bustad, hjelp til å finne ein annan jobb, norskopplæring, studium, helsetilbod og avrusing.
- **At kommunen/fylket har gode helsetilbod inkludert tilbod om psykolog for menneske som lever i prostitusjon.**
- **Nekte skjenkeløyve til strippeklubbar og topplaus-serveringar.**
- **Gjennomføre kurs i sjølvforsvar med fokus på grensesetting** for alle jenter i ungdomsskolen, og kurs i grensesetting og grenserespektering for alle gutar i ungdomsskolen.
- **At kommunen må utarbeide ein forpliktande handlingsplan om vald i nære relasjonar** der arbeidet mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og æresrelatert vald er inkludert.
- **At det blir tilsett minoritetsrådgjevarar på alle vidaregåande skolar i Oslo.**
- **Kurse sosiallærarar, helsesjukepleiarar og rådgjevarar som arbeider i skolen, om negativ sosial kontroll.**
- **Oppmode alle hotell i Oslo om å bli med og kjempe mot sexkjøp og menneskehandel.**
- **Gi tilbod om psykolog til alle som blir utsett for overgrep.**
- **Opprette NAV-kontakt på krisesenteret** for enklare og raskare å kunne gjere vedtak slik at dei tilsette kan konsentrere seg om jobben med dei valdsutsette.

Ein rasismefri by

Oslo er ein mangfaldig by med menneske som har bakgrunn frå mange ulike land og kulturar. Dette fører med seg nye idear, ressursar og moglegheiter. SV sin visjon er eit kulturelt mangfaldig og sosialt rettferdig samfunn med like moglegheiter for alle. Oslo skal ha nulltoleranse for rasisme.

Likevel opplever mange rasisme og diskriminering i Oslo i dag. Særleg personar med ikkje-vestleg bakgrunn, muslimar og jødar er utsett. Folk opplever diskriminering på bustadmarknaden og på utestader. Unge menn med minoritetsbakgrunn opplever oftare å bli stoppa av politiet enn andre jamaldringar, og sjølv om politiet er eit statleg organ, har Oslo kommune eit handlingsrom for å påverke handlemåtane til politiet. Det må kommunen bruke.

Rasisme skaper og held ved like utryggleik og utanforskap, og bryt ned tilliten mellom folk. I Oslo er det ein auke i talet på politimeldingar av hatkriminalitet basert på etnisitet. Rasisme gjer at mange vel å halde seg borte frå det offentlege ordskiftet, og det bidreg også til mobbing i skolen og på arbeidsplassen. Som Noregs største arbeidsgjevar har Oslo kommune eit særleg ansvar for å hindre at kommunalt tilsette bruker hatretorikk eller fremmar rasistiske haldningar.

Rasistisk diskriminering skal vere fullstendig uakseptabelt. Vi må òg vere på vakt mot dei som bruker etnisitet eller religion som forklaring på sosiale problem og økonomiske forskjellar. Vi aksepterer ikkje den forteljinga.

Det er ikkje berre i nynazistiske og høgreekstreme miljø at rasismen eksisterer, men han er innvoven i umedvitne og kvardagslege handlingar og ord. Vi ser ein tendens i samfunnet til at negative haldningar til bestemte kulturar eller religionar ofte ikkje blir sett som rasisme. Det er eit problem at hatretorikk og rasisme blir normalisert for å tilsløre problem som eigentleg botnar i aukande sosiale ulikskapar i samfunnet. Å motverke rasisme handlar derfor om meir enn det å motarbeide direkte diskriminering av enkeltpersonar. Rasisme er eit stort trugsmål mot den inkluderande byen som Oslo skal og bør vere, og må motarbeidast strukturelt og systematisk.

SV vil:

- **Opprette eit eige ombod** for å systematisere arbeidet mot rasisme.
- Arbeide for at det blir innført ei **kvitteringsordning mot etnisk profilering** i Oslo-politiet.
- **Øyremerke midlar til «Kontoret for fri rettshjelp»** for å kunne yte juridisk hjelp til folk som har opplevd diskriminering i tilsettingsprosessar og i arbeidslivet generelt.
- **Sikre at eksisterande lovverk blir tatt i bruk når kommunalt tilsette bruker hatretorikk eller på annan måte fremmar rasistiske haldningar i arbeidstida.**
- **Motarbeide rasisme på utestader**, blant anna ved å styrke diskrimineringskontrollar, senke terskelen for inndraging av skjenkeløyve, og krevje at utestader tydeleg markerer eventuelle reglar for tilgjenge.
- Auke økonomisk **støtte til organisasjonar som arbeider med å avdekke og førebygge rasisme.**

- Lage ein tiltaksplan for å **førebygge og handtere rasisme blant tilsette og elevar i Oslo-skolen.**
- **Kartlegge rasisme i Oslo-skolen.**

Ein inkluderande by

Oslo skal vere ein open og inkluderande by der alle skal kunne leve eit godt liv og ta del i byens gode og eit mangfaldig fellesskap. Arbeidslivet, utdanning, kommunale tenester og offentlege rom skal vere tilgjengelege for alle. Gjennom inkluderande prosessar skal alle innbyggjarar ha høve til å påverke lokalsamfunna sine, og på denne måten bidra til ein betre by for alle.

Mange som høyrer til Noregs samiske urfolk bur i hovudstaden. Oslo kommune har ansvar for å legge til rette for at denne befolkninga kan praktisere språket sitt og kulturen sin.

Ikkje alle opplever å ha dei same moglegheitene, og forskjellane mellom folk aukar. Mange opplever å bli utelukka frå ulike samfunnsområde, som til dømes arbeidslivet, kommunale tenester, offentlege rom, utestader og kollektivtransport. Ekskluderinga skjer på bakgrunn av etnisitet, språk, seksuell orientering, kjønnsidentitet, funksjonsevne, klasse, kjønn, religion eller livssyn.

Inkluderande arbeidsliv

Delar av folket i Oslo er i dag ekskludert frå arbeidslivet, til og med i økonomiske oppgangstider. Mange manglar den nødvendige kompetansen arbeidslivet krev, eller møter eit hjelpeapparat med dårleg kunnskap om ulike behov. Dette gjeld særleg for unge som har falle frå i skolen, innvandrarak med lite skolegang, personar med nedsett funksjonsevne og personar som er utsett for vald i nære relasjonar.

SV vil arbeide for at kommunen set i verk ei kartlegging av kven og kor mange av kommunens tilsette som har samisk språk- og kulturkompetanse. Tilsette som har slik kompetanse, skal som ein del av jobben få ansvar for å ta seg spesielt av dei delane av befolkninga som har eit særleg behov for det.

SV vil:

- **Tilsette fleire med minoritetsbakgrunn gjennom kvotering** i Oslo kommune og bruke dette aktivt for å rekruttere personar med minoritetsbakgrunn til leiarstillingar i kommunen.
- **Styrke tolketenesta** og legge til rette for kontaktpersonar som snakkar dei ulike morsmåla til innvandrarak som har heimetenester eller bur på institusjon.
- Inkludere informasjon om grad av universell utforming i kollektivtrafikken og på haldeplassar i Ruter-appen.
- **Arbeide for å etablere ei sertifiseringsordning for verksemder** som i hovudsak sysselset nykomne flyktningar eller andre med særlege integreringsutfordringar.
- Bruke innkjøpspolitikken til å **verdsette verksemder som sysselset menneske** med minoritetsbakgrunn eller nedsett funksjonsevne.

- Utvide Oslo kommune si **rekrutteringsordning for mennesker med funksjonsnedsettingar**.
- **Vidareutvikle kvalifiseringsprogrammet for å få folk med innvandrerbakgrunn ut i arbeidslivet.**
- **Utvikle metodar for arbeidsinkludering av personar som er utsett for vald i nære relasjonar, i samarbeid med NAV og krisesenteret.**
- **Betre moglegheitene til å ta grunnskoleutdanning med livsopphald** gjennom partnerskapet i NAV i samarbeid med Oslo vaksenopplæring, med tanke på å kvalifisere innvandrere utan grunnleggande skolegang.
- Sikre finansiell **støtte til dei samiske helsetreffa for eldre ved Samisk Hus.**

Lik tilgang til offentlege tenester

Ikkje alle som bur i Oslo, har tilgang til likeverdige offentlege tenester. Mange kommunale tenester er ikkje tilpassa dei ulike behova som finst i befolkninga. Det er også lite medvit og kunnskap om dei ulike brukargruppene.

SV vil:

- **Styrke kompetansen innanfor fleirkulturell forståing i barnevernstenesta og samarbeidande etatar**, blant anna ved å innføre dialogprosjekt mellom innvandrergrupper og barnevernet i bydelane.
- **Auke økonomisk støtte til frivillige organisasjonar** som jobbar med inkludering.
- **Sikre at einslege mindreårige flyktningar får bufelleskap eller fosterheimar** gjennom barnevernet der dette er naturleg ut ifrå bakgrunnen og behova deira.
- Syte for at alle born og unge som kjem som flyktningar eller innvandrere, får ein **jamaldrande fadder**.
- Utvide kursinga av dei tilsette i kommunen, slik at dei er i stand til å **yte likeverdige tenester** til alle innbyggjarane i byen.
- Sikre vidareføring av **handlingsplanen «Stolte Oslo»**.
- Styrke ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA) som verktøy for likestilling og sjølvbestemming, i samarbeid med Rådet for funksjonshemma i Oslo kommune og dei funksjonshemma sine egne organisasjonar.

Ein regnbogeby

Det er i lokalsamfunna at vi lever livet vårt, og eit lokalt perspektiv på korleis seksuelle minoritetar og kjønnsminoritetar blir møtt i det lokale velferdstilbodet, må prioriterast. Særleg viktig er dette i dei tenestoområda som kjem tettast innpå privatlivet til kvar enkelt person, nemleg oppvekst, helse og omsorg.

Skolar og lokale utdanningsmyndigheiter må prioritere å skape inkluderande læringsmiljø for alle elevar, studentar og tilsette. Skolen er ein viktig arena for å motarbeide mobbing og vald knytt til seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Skeive personar har generelt ein god helsesituasjon som ikkje skil seg vesentleg frå befolkninga elles. Det å høyre til ein seksuell minoritet eller kjønnsminoritet kan likevel føre med seg stress og uvisse i møte med helsestellet. Skeive skal møtast med openheit, respekt og kompetanse som mottakarar av helse- og omsorgstenester i kommunen vår. Eldre som blir innlagt til opphald på institusjon i dag, har vakse opp i ei tid med liten aksept for skeive. Å bli møtt med respekt og openheit i ein slik situasjon er svært viktig, og det krev merksemd og medvit frå institusjonsleiinga.

Skeive med innvandrarakgrunn opplever ekskludering, og at mange av dei rettane som majoritetsbefolkninga tar for gitt, er utanfor rekkevidd. Mange opplever fleire former for diskriminering. Til dømes kan ei kvinne som er lesbisk og mørk i huden, bli utsett for både rasisme, kjønnsdiskriminering og homofobi. Dette er viktige perspektiv som må takast med i integreringsarbeidet i kommunen.

SV vil:

- **At LHBT-perspektivet må takast med i integreringsarbeidet i kommunen.**
- Auke **kunnskapsnivået om LHBT-helse** blant fastlegar.
- Betre **helsetilbodet for transpersonar** og syte for reell forenkling og av-monopolisering av det eksisterande tilbodet.
- **Bidra til oppretting av eit Regnbogehus i Oslo.**
- Bruke UngData-undersøkinga til å **innhente kunnskap om levkåra til skeiv ungdom i Oslo.**
- Ha ein ambisiøs **handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald i Oslo.**
- Gjennomføre **regelmessig kompetanseheving av tilsette** i barnehagar, grunnskolen, vaksenopplæringa, fritidsklubbar, idrettslag og helse- og omsorgsinstitusjonar om LHBT-befolkninga.
- At **skolebiblioteka i Oslo skal ha eit utval av skeiv litteratur og informasjonsmateriell** om LHBT.
- Sikre at **alle elevar i grunnskolen får informasjon om LHBT** på ein slik måte at dei trygt kan vere opne om seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.
- At **LHBT-organisasjonar må få tilgang til å drive informasjonsarbeid i grunnskolen, vaksenopplæringa, fritidsklubbar og idrettslag.**
- Legge til rette for at **LHBT-personar også kan leve med sin seksuelle identitet, kjønnsidentitet og -uttrykk i alderdommen**, på eldresenter, på sjukeheimar og liknande.
- **Auke kunnskapen om LHBT-personar og skeive i prostitusjon.**

- Jobbe for å **betre levkåra til skeive med minoritetsbakgrunn.**
- At kommunen yter **økonomisk støtte til organisasjonane som arbeider for LHBT-personar som FRI, Skeiv Verden osv.**
- At kommunen aktivt **fremmar initiativ for skeive med funksjonsnedsetting**, som møteplassen Pust ut for skeive med utviklingshemming.
- **Auke kunnskapen blant tilsette i kommunens helse- og omsorgstenester om skeive og diskriminering på bakgrunn av seksuell orientering og kjønnsuttrykk.**
- **Motarbeide homofobi på utestader**, blant anna ved å styrke diskrimineringskontrollar, senke terskelen for inndraging av skjenkeløyve, og krevje at utestader tydeleg markerer eventuelle reglar for tilgjenge.

Ein by i verda

Oslo skal vere ein by som er fri for rasisme og etnisk diskriminering, og som ønskjer å styrke det etniske og kulturelle mangfaldet sitt. Oslo kommune skal vere ein førebiletleg etnisk aktør som bidreg til å eliminere internasjonal menneskehandel, har eit næringsliv som ikkje dreg profitten til skatteparadis, og som aktivt støyr dei faglege, økonomiske og sosiale rettane til gjestearbeidarane i byen. Oslo skal stå i front internasjonalt i kampen mot atomvåpen, klimautslepp og andre globale farar som trugar mennesket.

Kampen mot rasisme og etnisk diskriminering er internasjonal, og det går ikkje ein dag utan at medmenneske møter etnisk intoleranse og diskriminering, også her i Oslo. Sosial dumping er eit utbreidd problem på arbeidsplassar der mange har utanlandsk opphav eller er tilsett i vikarbyrå. Nesten ingen av desse er fagorganisert, og dei har svært dårlege lønns- og arbeidsvilkår.

Oslo kommune er den største arbeidsgjevaren i Oslo og ein av dei største kundane i landet for det private næringslivet. Dette gir høve til å sette høge etiske standardar for resten av arbeidslivet. Kommunen er ein del av globaløkonomien, der transnasjonale storselskap leverer ein stor del av tenestene kommunen bruker, samtidig som dei betaler minimalt med skatt til landet og byen.

Bruk av atomvåpen i ein internasjonal krigssituasjon vil vere fatalt for heile verda, også for Noreg og for Oslo. Når den internasjonale spenninga mellom stormaktene aukar, bør Oslo kommune i den grad det lèt seg gjere, føre ein avspenningspolitikk på lokalt nivå. Internasjonalt samarbeid med andre byar, både i og utanfor NATO, er derfor viktig.

SV vil:

- **At Oslo kommune skal ha ein generell etikkplan** for offentlege innkjøp av varer og tenester, og generelt overfor arbeidslivet. Planen skal bidra til at kommunen sine internasjonale forpliktingar blir etterlevd. Han skal òg gjelde for bydelane.
- **At leverandørar av varer og tenester til Oslo kommune kan garantere at dei ikkje er produsert på område som står under militær okkupasjon** (som t.d. Palestina og Vest-Sahara), med mindre produksjonen inngår i eit demokratisk forankra rammeverk med sikte på etablering av varig fred.
- **At Oslo kommune går føre ved å bruke investeringsmakta si til å straffe selskap som handlar i strid med folkeretten** og aktivt investerer i selskap som har ein god berekraftpraksis.
- **At Oslo kommune skal støtte BDS-rørsla** og bidra til boikott av, desinvestering i og sanksjonar mot Israel og selskap som tener på Israels okkupasjon av Palestina.
- **At Oslo kommune skal stille etiske krav ikkje berre til leveransane, men òg til leverandørane og underleverandørane deira.**
- **At Oslo kommune skal kjempe mot sosial dumping**, syte for ordna lønns- og arbeidsvilkår, og at losse- og lastearbeid i Oslo hamn blir utført sikkert og forsvarleg av kvalifiserte hamnearbeidarar.
- **At Oslo kommune ikkje skal inngå avtalar med, og ikkje ha fondsinvesteringar i, selskap som har moder- eller søsterselskap i skatteparadis.**

- **At Oslo kommune tar imot minst det talet på flyktningar som staten til kvar tid ber kommunen ta seg av, og pressar regjeringa til å ta ansvar for ein større del av den internasjonale flyktningstraumen.**
- **At Oslo kommune skal vere ein føregangskommune i mottak av flyktningar med nedsett funksjonsevne og LHBT-flyktningar.**
- **At bystyret erklærer Oslo for atomvåpenfri sone.** NATO-allierte skip som vil besøke Oslo må deklarerer kva for våpen dei har om bord; har dei atomvåpen, eller vil dei ikkje avlevere deklarasjon, skal dei ikkje tillatast å legge til ved Oslo hamn.
- **At Oslo styrker sitt internasjonale samarbeid med likesinna byar på viktige saksfelt og aktivt jobbar for å starte opp slike samarbeid, slik som i klimapolitikken og det såkalla C40-nettverket.**
- **At Oslo startar opp solidarisk samarbeid med organisasjonar i andre land som jobbar for kvinnerettar.**
- **At Oslo stør den internasjonale kampen mot Frihandelsavtalen for tenester (TISA), som vil auke presset for privatisering av kommunale tenester. Oslo må erklære seg som TISA-fri sone.**
- **Revidere Oslo kommune sin internasjonale strategi.**

Eit styrkt folkestyre

Frivilligheita og ideell sektor har ein eigenverdi, og styrker samtidig det norske demokratiet. Frivilligheita bidreg til meiningsskapande fellesskap, og skaper, saman med offentleg sektor, engasjement, gode grannelag, tenester og tilbod til befolkninga.

For SV er forsterking og utviding av demokratiet grunnleggande. I dag opplever for mange at dei ikkje har påverknad på avgjerder som gjeld dei. Bydelane har ansvar for å levere nokre av dei mest grunnleggande tenestene til befolkninga, men gjennom mange år var dei økonomiske rammene tronge. Med det nye raudgrøne byrådet har rammekutta blitt redusert og mange bydelar opplever at dei igjen har utvida handlingsrom. SV meiner det er behov for å overføre enda meir makt og myndigheit til bydelane, og ønskjer derfor å greie ut ei bydelsreform i løpet av perioden.

SV skal vidareutvikle og styrke arbeidet med tillitsreform i kommunen. Tillitsreform handlar om å gi tilsette og leiarar fagleg myndigheit til å gjere vedtak saman med innbyggjarane utan overdriven bruk av kontroll. Det er likevel viktig å syte for at innbyggjarane får dei tenestene dei har krav på, i det omfanget dei har rett til. SV vil vidareutvikle velferdskommunen med tillit, samskaping og samval som grunnlag. Velferdstenestene i framtida handlar om å gi tillit til innbyggjarane som treng bistand frå velferdstenestene våre og bygge rammer for godt samspel mellom vanlege folk og fagfolk. Brukarane av kommunen sine velferdstenester skal oppleve tillit i møte med tenestene. Dei skal oppleve at dei har sjølvbestemming kvar for seg og medverknad i det som blir bestemt på overordna nivå. «Ingenting om oss, utan oss» skal vere ein grunnleggande verdi i utvikling av politikk og tenester.

Kunnskapen skal brukast til å gjere tenestene betre og meir effektive. Kommersialisering av barnehagar og sjukeheimar bidreg til å binde opp styringa av verksemder gjennom langtidskontraktar, samtidig som kommersielle aktørar tar ut store overskot. Ofte på kostnad av lønnene og pensjonane til dei tilsette. SV vil halde fram med å jobbe for ei demokratisk styring av velferdstenestene.

SV vil at kommunen skal halde fram med arbeidet for å gjere kommunen meir open og gjennomsiktig. Budsjett og kommunale dokument skal vere forståelege, og folk skal ha innsyn. Folk skal nå fram, kvardagsproblema skal løysast, og vedtak som er gjort, skal følgjast opp. Kommunen må styrke dei felles arenaene for debatt i byen.

Dagens bydelsstruktur gjer at overgangen mellom helse- og sosialtenestene i bydelane og dei byomfattande tilboda i mange tilfelle blir stor. Større bydelar kunne få delegert ansvar for mange oppgåver som i dag ligg til byomfattande kommunale etatar. Det ville også styrke den folkevalde styringa. Dagens bydelsutval har ei svakare stilling enn kommunestyra i langt mindre kommunar. Større bydelar ville kunne ha større bydelsutval, fleire folkevalde som kunne frikjøpast på heiltid og slik styrke lokaldemokratiet innerter i Oslo. Oslo SV vil derfor greie ut ei bydelsreform.

Det blir stadig fleire innbyggjarar i Oslo. Dette skaper store moglegheiter og utfordringar. Ein folkestyrt by må også vere ein by der styresmaktene og innbyggjarane samarbeider aktivt om å styre utviklinga av byen gjennom demokratiske og politiske prosessar. I samband med kommuneplanarbeidet i byen gjennomførte det raudgrøne byrådet ein unik medverknadsprosess med blant anna SMS til alle innbyggjarar over 16 år med invitasjon til å delta. Dei som bur i byen, må inviterast enda meir aktivt med i diskusjonar om korleis framtidens byrom skal sjå ut, og premissane må i forlenginga av dette utviklast i demokratiske prosessar og ikkje overlatast til faginstansar og eigedomsspekulantar.

SV vil:

- **Styrke budsjetta til bydelane.**
- **At kommunale verksemdar ikkje skal konkurranseutsettast.**
- **Avskaffe bestillar–utførar-modellen** som grunnlag for organisering av kommunen sine tenester.
- **At organiseringa av helsetenestene i byen må sikte mot å skape heilskaplege pasientforløp** med pasienten i sentrum.
- **At føretaksmodellen i Oslo kommune blir evaluert** med omsyn til om dette er ein god nok styringsmodell.
- **At alkoholløyve og skjenketider utanfor Oslo sentrum blir avgjort i bydelsutvala.**
- **Legge til rette for at alle innbyggjarar får større moglegheit til å påverke avgjerdene** gjennom budsjettprosessane i bydelane.
- **Gjere det enklare for kommunale råd for ungdom, eldre og funksjonshemma å oppnå reell påverknad** på viktige prosessar som vedkjem dei, ved å gi informasjon på ein meir tilgjengeleg måte.
- **Jobbe for ei representativ fordeling i lokalpolitikken** med tanke på kjønn, etnisitet osv.
- **Vurdere ei bydelsreform** med sterkare demokratisk styring, fleire oppgåver og ein bydelsadministrasjon som i større grad er underlagt bydelsutvalet.
- **Auke innverknaden til bydelane og bydelsutvala i plan- og byggesaker**, uavhengig av kor store bydelane er.
- **Fremme medinnverknad i alle saker som gjeld den enkelte innbyggaren og openheit i saker som har samfunnsmessig interesse.**
- **At kommunen skal ta i bruk nye digitale plattformer for innbyggardeltaking.**
- Vere opne for å **vurdere bruk av rådgjevande folkerøystingar** i store spørsmål som er eigna for dette.